

Meld. St. 44

(2016–2017)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 71. ordinære
generalforsamlinga
i Dei sameinte nasjonane (FN)



Innhald

1	Vurderande samandrag	5	3	Tryggingrådet	26
2	Generalforsamlinga	9	4	Styrking av FN, reform og aktørar	28
2.1	Generaldebatten	9			
2.2	Høgnivåmøte	10			
2.3	Norske sidearrangement under høgnivåveka	17			
2.4	Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik)	19			
2.5	Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske spørsmål og berekraftig utvikling)	20			
2.6	Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)	21			
2.7	Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål)	22			
2.8	Generalforsamlingas 5. komité (budsjett og administrative spørsmål)	22			
2.9	Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål)	23			
2.10	Saker som har gått direkte i plenum i Generalforsamlinga	24			
				Vedlegg	
			1	Noregs prioriteringar til FNs 71. generalforsamling	30
			2	Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 71. generalforsamling	37
			3	Oversikt over norske innlegg under FNs 71. generalforsamling	40
			4	Programbudsjettet 2016–2017	44
			5	Topp 10 bidragsytarar til FN (pliktige og frivillige bidrag)	45
			6	FN sine medlemsland og bidragsskalaen	46
			7	FN-systemet	52
			8	Forkortingar	53

Meld. St. 44

(2016–2017)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 71. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 21. juni 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Vurderande samandrag

FNs 71. generalforsamling var starten på eit nytt kapittel for FN. Valet av portugisaren António Guterres som ny generalsekretær i FN i oktober 2016 varslar om endring og ein ny giv i organisasjonen. Guterres vart utnemnd etter ein historisk inkluderande prosess med opne høyringar, i eit nyskapande samarbeid mellom Tryggingrådet, presidenten for Generalforsamlinga og Generalforsamlinga. FN har fått ein sterk, tydeleg og proaktiv leiar. Den nye generalsekretæren har alt demonstrert handlekraft og gode leiareigenskapar som gjev håp om at FN skal utvikle seg vidare til å bli ein meir effektiv organisasjon som er tilpassa dei globale utfordringane vi har i dag.

Det var eit samansett verdsbilete prega av krise og konflikt som møtte Guterres då han tok over. Dei politiske utfordringane er store. Vi ser aukande rivalisering mellom regionale og globale stormakter i fleire land og område. Autoritære strøymingar og press mot menneskerettane og rettsstaten skapar uro. Konfliktane har dramatiske

humanitære konsekvensar. Tala talar sitt klare språk: Ifølgje FN var 65 millionar menneske på flukt ved inngangen til 2016, ein auke på nesten 30 millionar sidan 2005. Av desse er over 40 millionar på flukt i sitt eige land. I tillegg aukar talet på menneske som migrerer av økonomiske og sosiale grunnar.

Samstundes ser vi positive utviklingstrekk. Globaliseringa har bringa millionar av menneske ut av ekstrem fattigdom, og stadig fleire får tilgang til utdanning og helsetenester. Handel og dagens multilaterale system har medverka sterkt til å oppfylle tusenårsmåla til FN. Dersom denne positive utviklinga skal halde fram, må integreringa av fattige land i verdsøkonomien styrkjast. Det gjev tilgang til lokale og globale marknader og opnar for import, investeringar og teknologi.

I 2015 vart FNs generalforsamling samd om ein ny agenda for global utvikling. 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla er sluttresultatet av ein unik global konsultasjonsprosess som engasjerte

alle medlemslanda i FN. Agendaen er forankra i FN-pakta og Verdserklæringa om menneskerettar. Agendaen opnar for ein global dugnad for ei utvikling som byggjer på like rettar for alle.

Føremålet med berekraftsmåla er å utrydde alle former for fattigdom og sikre ei inkluderande utvikling som fremjar velstand, stabilitet og rettferd. 2030-agendaen set difor ein universell dagsorden. Saman med handlingsplanen frå Addis Abeba for finansiering av utvikling og Paris-avtalen for avgrensing av global oppvarming set han ein kurs for politisk oppfølging som er tufta på internasjonalt samarbeid og partnerskap. Vektlegginga av stabilitet og styresett i 2030-agendaen gjev FN eit endå sterkare mandat i sårbare statar og for arbeid med spørsmål som gjeld styresett.

Den manglande evna til å stanse krigen i Syria og til å stabilisere land som Sør-Sudan, Jemen, Burundi og Kongo viser nokre av utfordringane som den internasjonale tryggingssarkitekturen står overfor. Russlands brot på folkeretten i Ukraina og støtte til president Assads krigføring i Syria har prega tilhøvet til USA og dei andre vestlege landa, og påverkar arbeidet til Tryggingsrådet. Avgjerdsevna til Tryggingsrådet er svekt på grunn av stor usemje mellom dei fem faste medlemmene i Tryggingsrådet. Likevel er Rådet framleis i stand til å nå fram til semje i dei aller fleste sakene der stormaktsinteressene ikkje står i direkte motstrid. Døme på dette er dei mange viktige vedtaka om ein felles front mot terrorisme, den samrøystes oppslutninga i Tryggingsrådet om fredsprosessen i Colombia og, ikkje minst, semja om valet av Guterres som generalsekretær.

Med gamle uløyste konflikhtar og nye kriser i verda er det stadig viktigare å halde ved lag den multilaterale ordenen, skape globale møteplassar og arbeide vidare for eit sterkt og effektivt FN. Den tradisjonelle rolla FN har hatt når det gjeld å halde oppe fred og stabilitet, slik denne rolla kjem til uttrykk gjennom 16 fredsbevarande operasjonar i Afrika, Amerika, Asia, Midtausten og Europa, viser at det er like viktig som før å sikre at gamle konflikhtar ikkje blussar opp att eller medverkar til negativ utvikling regionalt. Samstundes får FN ei stadig viktigare rolle som politisk aktør, meklar, garantist for internasjonal fred og tryggleik og overvakar av inngåtte avtalar. Utsendingane til generalsekretæren gjev uvurderleg støtte og assistanse til styresmaktene i sårbare statar og regionar. Over 30 politiske operasjonar medverkar til konfliktførebygging og politiske løysingar på latente, nye og langvarige konflikhtar. Det stille diplomatiet er avgjerande for å halde ved lag stabi-

litet, slik at vi kan sjå fram mot ei meir fredeleg verd.

2015 var eit ekstraordinært år der medlemslanda i FN gjennom få månader klarte å samle seg om både ein ambisiøs, global utviklingsagenda med tilhøyrande finansieringsplan og ein banebrytande klimaavtale. Hausten 2016 tok Paris-avtalen med dei nye klimamåla til å gjelde. Framover er det avgjerande at medlemslanda i FN gjer ord om til handling, og at FN-sekretariatet og generalsekretæren får dei verkemidla som er best eigna til å støtte landa i gjennomføringa av dei nye berekraftsmåla i 2030-agendaen. Etterspurnaden er stor: Styresmaktene i 100 land har bede FN om assistanse til gjennomføringa, mellom anna til å utarbeide nasjonale strategiar for å nå måla. Det er stor pågang frå land som ønskjer å rapportere i FN om korleis dei følgjer opp berekraftsmåla nasjonalt og internasjonalt, slik Noreg gjorde i 2016. Den breie og inkluderande prosessen som førte fram til semja om 2030-agendaen og berekraftsmåla, førte med seg eit viktig eigarskap og ein styrkt vilje til gjennomføring. Finansieringstrenden dei siste åra viser at det vert gjeve meir midlar til utviklingsaktivitetane til FN. Bidraga til den humanitære innsatsen som FN gjer, har rett nok auka endå meir, noko som vitnar om aukande behov, men òg om tiltru til FN som partner.

I løpet av 2016 vart det fredsbyggjande arbeidet til FN løfta høgt opp på agendaen. Ein gjennomgang av fredsbyggingsarkitekturen til FN frå 2015 slo fast at ei heilskapleg og langsiktig fredsbygging er heile FN-systemet sitt ansvar, men at fredsbygging er kronisk underfinansiert. Resolusjonar om berekraftig fred vart vedtekne av Tryggingsrådet og Generalforsamlinga i april 2016. I januar 2017 vart Noreg medlem av Fredsbyggingskommisjonen til FN for ein toårsperiode. Saman med Indonesia har Noreg eit særleg ansvar for å setje søkjelys på finansiering av fredsbygging.

Ettersom FN har ei særskild viktig rolle når gjeld å bevare fred og redusere konflikhtar, og FNs relevans som mellomstatleg arena er vorten styrkt, er det behov for å reformere organisasjonen. For å oppfylle mandatet sitt må FN moderniserast, slik at organisasjonen kan medverke til å løyse nye globale utfordringar. Vi treng eit sterkt, meir effektivt og meir fleksibelt FN. Noreg jobbar aktivt med reform av organisasjonen på ei rekkje område. Gjennom det tverregionale initiativet FN70 utarbeidde Noreg, saman med sju andre land – Colombia, Etiopia, Ghana, Indonesia, Jordan, Mexico og New Zealand – ei liste med reformframlegg til den nye generalsekretæren. Noreg har dessutan engasjert seg aktivt for at FN skal

følgje opp tilrådingane til det uavhengige panelet for reform av fredsbevarande operasjonar, gjennomgangen av FNs fredsbyggingsarkitektur og studien om kvinner, fred og tryggleik frå 2015. Dette er initiativ som vart sette i gang av den tidlegare generalsekretæren Ban Ki-moon. Det er grunn til å tru at Guterres vil vere ein aktiv pådriver for FN-reform. Den nye generalsekretæren vil fokusere spesielt på konfliktførebygging, mekling, berekraftig fred og betre samspel mellom dei tre FN-pilarane fred og tryggleik, utvikling og menneskerettar. Dette omfattar òg reform av anti-terrorarkitekturen til FN. Noreg støttar generalsekretæren i arbeidet hans for å etablere ei ny stilling for ein strategisk koordinator som skal samordne FN-arbeidet for å kjempe mot terrorisme og valdeleg ekstremisme.

I 2016 vart rammeresolusjonen for utviklingsaktivitetane til FN (*Quadrennial Comprehensive Policy Review – QCPR*), som vert reforhandla kvart fjerde år, vedteken av Generalforsamlinga. Rammeresolusjonen er det viktigaste styringsinstrumentet som medlemslanda har over utviklingssystemet til FN. Den nye resolusjonen definerer korleis FN på ein integrert og effektiv måte skal hjelpe medlemslanda med å nå berekraftsmåla. Det engasjementet som Noreg viste i forhandlingane, hadde innverknad på utfallet, ikkje minst for å styrkje og samordne innsatsen på landnivå, menneskerettar, likestilling og resultatbasert styring. Den største utfordringa framover er å sikre ei betre samordning mellom utviklingsaktørar og FN-operasjonar på freds- og tryggleiksområdet. I ei tid med ustabilitet i fleire regionar, meir samansette og grenseoverskridande konflikhtar, folkeauke og fattigdomsproblem må ein finne arbeidsmåtar der alle delane av FN trekkjer i same retning. Den nye generalsekretæren har teke opp denne problemstillinga i reformframlegga sine og ønskjer å fremje samarbeid på tvers av systemet og ein meir samordna innsats på landnivå.

Noreg har konsekvent forsvart multilaterale løysingar og internasjonalt samarbeid etter at FN-pakta vart vedteken sommaren 1945. FN utformar og held ved lag køyrereglar som både er i vår interesse og verkar som kollektive gode. Folkeretten, medrekna havretten, har vore avgjerande for utviklinga av økonomien og tryggleiken vår. På den andre sida investerer Noreg både økonomisk og politisk i dei tre FN-pilarane fred og tryggleik, utvikling og menneskerettar. Noreg er blant dei største gjevarane på utviklingssida og nyt stor tillit på freds- og tryggleiksområdet. Noreg set menneskerettane høgt på agendaen, både politisk og finansielt. FN-statistikken viste

hausten 2016 at Noreg var den sjuande største gjevaren til FN. Då er både dei pliktige bidraga til organisasjonen og frivillige bidrag til utviklingssystemet og til den humanitære FN-innsatsen rekna med.

Statsministeren, utanriksministeren, tre andre statsrådar og ein statssekretær leidde den norske delegasjonen til opninga av den 71. sesjonen i Generalforsamlinga hausten 2016. Den norske delegasjonen var samansett av i alt 89 representantar, frå regjeringa, Stortinget, departementa, det sivile samfunnet og partane i arbeidslivet.

I generaldebatten var det konflikten i Syria, kampen mot terror, flyktningkrisa og migrasjon som fekk størst merksemd. Eit anna tema som òg mange var opptekne av, var atomprøvesprengingane til Nord-Korea og situasjonen på den koreanske halvøya.

Høgnivåsegmentet vart innleidd med eit toppmøte om flukt og migrasjon, det aller første i sitt slag i FN-historia. Seinare i veka vart det òg arrangert eit globalt toppmøte om det aukande problemet med antimikrobiellresistente organismar – det første i sitt slag i verda. Dette vitnar om at FN framleis har evne til å fange opp aktuelle og viktige tema, setje dei på den globale dagsordenen og trekkje til seg merksemda til leiarane i verda. Statsminister Erna Solberg spelte ei sentral rolle som paneldeltakar på begge toppmøta. Dei norske regjeringsmedlemmene heldt til saman 72 innlegg på ei rekkje av dei sidearrangementa som fann stad parallelt med generaldebatten.

Den historiske fredsavtalen i Colombia prega òg innleiinga av den 71. sesjonen av generalforsamlinga i FN, med fleire sidearrangement, samlingar og samtalar. Som tilretteleggjar for fredsprosessen, saman med Cuba, var Noreg ein aktiv og sentral aktør. Statsminister Solberg var spesielt invitert då den colombianske presidenten Juan Manuel Santos overleverte fredsavtalen til presidenten i Tryggingrådet, statsminister John Key frå New Zealand. Utanriksminister Børge Brende og USAs utanriksminister John Kerry heldt eit gjevarmøte til støtte for minerydding i Colombia, der det vart lova 105 millionar dollar til dette arbeidet. Dette var ei oppfølging av initiativet frå Noreg og USA tidlegare same året om eit globalt løft for mineinnsats i Colombia, der Noreg vedtok å bidra med 180 millionar kroner over tre år.

Opninga av Generalforsamlinga og høgnivåveka vart etterfølgt av komitéarbeid.

Sesjonen i 1. komité, som arbeider med internasjonal fred og tryggleik, var prega av den internasjonale polariseringa rundt kjernefysisk nedru-

sting. Noreg, saman med dei andre NATO-landa, kunne ikkje røyste for ein resolusjon som går inn for eit forbod mot kjernevåpen utan at kjernevåpenstatane var med. Eit slikt forbod ville ikkje vere i tråd med allianseforpliktingane våre i NATO. Som ledd i arbeidet vårt for å leggje til høva til rette for ei balansert, gjensidig, irreversibel og verifiserbar avskaffing av atomvåpen, i tråd med stortingsvedtaket i 2016, fremja Noreg ein resolusjon om verifikasjon av kjernefysisk nedrusting som fekk brei støtte frå 177 medlemsland. Sju land avstod frå å røyste, og ingen land gjekk imot resolusjonen samla sett.

Arbeidet i 2. komité var dominert av forhandlingane om rammeresolusjonen for utviklingsaktivitetar (QCPR). For å oppnå ein meir samordna innsats på landnivå, gjekk Noreg inn for å styrkje rolla til dei stadlege FN-koordinatorane og for harmonisering og forenkling av administrative prosedyrar.

I 3. komité for menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål prioriterte Noreg spesielt resolusjonen om rapporten frå FNs menneskerettsråd. Her var det viktig å unngå omkamp om viktige vedtak som var gjorde i Genève for å verne mandatet til ein uavhengig ekspert mot vald og diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, som er oppnemnd av Menneskerettsrådet.

Debattane i 4. komité, som har ansvaret for særskilte politiske spørsmål, mellom anna avkolonialisering, palestinske flyktningar og dei fredsbevarande og politiske operasjonane til FN, følgde i stor grad faste mønster og motsetnader frå tidlegare år. Noreg medverka til å synleggjere den utfordrande økonomiske situasjonen for FN-organisasjonen for palestinske flyktningar (UNRWA).

I 5. komité for budsjett og administrative spørsmål var det til tider sterke motsetnader. Komiteen nådde ikkje fram til konsensus i fleire av sakene, mellom anna vedtaka om desentralise-

ring av Kontoret for høgkommissæren for menneskerettar og sekretariatet sin del av finansieringa av FN-systemet for stadlege koordinatorar. Difor var det spesielt positivt at Noreg kunne medverke til eit godt resultat med omsyn til budsjetta for dei politiske operasjonane i Colombia og på Kypros.

I 6. komité for rettslege spørsmål leidde Noreg resolusjonsforhandlingane om Genève-konvensjonens tilleggsprotokollar og humanitære prinsipp på vegner av dei nordiske landa. Trass i motstand frå enkelte statar vart sluttresultatet tilfredsstillande.

Noreg heldt òg i 2016 ein høg profil i dei mange havrettsprosessane som gjekk direkte i Generalforsamlinga. For første gong koordinerte Noreg forhandlingane av den årlege fiskeriresolusjonen, som vart styrkt på ei rekkje viktige område, mellom anna berekraftig botnfiske, arbeidsvilkår til sjøs og høve til å gripe inn overfor statslause skip.

Av resolusjonar som går direkte i plenum i Generalforsamlinga, var det den årlege resolusjonen med krav om oppheving av USAs handelsblokade mot Cuba som fekk størst merksemd. For første gong røysta ingen imot, og USA og Israel lét vere å røyste, noko som gjorde at resolusjonen vart samrøystes vedteken.

Dei nordiske landa samarbeider tett også i FN. Til saman er Norden ein viktig bidragsytar til FN, og landa har ofte samanfallande synspunkt. Delegasjonane møtest jamleg, og mange innlegg vert samordna. Dei nordiske landa freistar å vere representerte i Tryggingsrådet med jamne mellomrom, og støttar kandidatura til kvarandre i val, slik Noreg aktivt støtta den vellukka kampanjen for svensk medlemskap i Tryggingsrådet i 2017–2018. Noreg har hatt sete i Tryggingsrådet fire gonger og stiller til val for perioden 2021–2022. Valet finn stad i 2020.

2 Generalforsamlinga

2.1 Generaldebatten

Generalforsamlinga opnar kvart år med ein generaldebat der statsleiarar, regjeringssjefar eller utanriksministrar for dei 193 medlemslanda i FN held innlegg. Denne årlege debatten gjev eit innblikk i kva saker landa ønskjer å setje på den internasjonale agendaen og kva delar av FN-arbeidet dei reknar som viktigast. Talane frå leiarane illustrerer òg ofte grunnleggjande motsetnader i samfunnssyn og tilnærming til konflikhtar i verda. Mange tema som vert tekne opp i generaldebatten, får oppfølging i komiteane når det vert forhandla fram resolusjonar om nye normer for medlemslanda og det internasjonale samfunnet.

Av konfliktane i verda var det særleg situasjonen i Syria som fekk størst merksemd. Ei rekke land nytta høvet til å oppmode partane til å få slutt på konflikten, og trakk særleg fram dei humanitære lidningane, flyktningstraumen og terrortrusselen som følgde av borgarkrigen. Konflikten mellom israelarar og palestinarar fekk òg merksemd frå fleire enn dei som er direkte involverte. Nokre land, mellom dei Egypt, Portugal, Nigeria og Senegal, tok til orde for ei tostatsløysing for å få ein snarleg ende på konflikten.

Presidenten i Colombia, president Santos, hausta stor applaus då han kunngjorde at nesten eit halvt hundreår med borgarkrig snart var over. Ei lang takkeliste vart innleidd med stor takk til Cuba, vertsnasjonen for forhandlingane, og til Noreg for rolla som tilretteleggjar for fredsprosessen saman med Cuba. Fleire land, dei fleste frå regionen, omtalte fredsavtalen i Colombia i positive ordelag.

I den siste talen sin til Generalforsamlinga som generalsekretær i FN retta Ban Ki-moon merksemd mot behovet for å vidareføre den samla innsatsen for berekraftsmåla. Han var særleg oppteken av situasjonen i Syria og streka under at alle partane i konflikten gjer seg skuldige i overgrep, men at styresmaktene er verst. Ban Ki-moon sende eit viktig signal til verda då han på vegner av FN sa seg lei for den seksuelle utnyttinga av og overgrepa mot barn som er utførte av dei freds-

bevarande styrkane til FN, og for FN si rolle i samband med utbrotet av kolera på Haiti.

Avskilstalen til FN frå USAs president Barack Obama var ein brei gjennomgang av det utanrikspolitiske synet hans og for visjonen hans for korleis verda kan motverke aukande motsetnader, konflikhtar og globale utfordringar. Han forsvarte liberale og demokratiske verdiar, opne haldningar og pluralisme som motsats til autoritære alternativ og populisme. Han snakka òg om kor viktig det er å samarbeide globalt, i staden for å byggje murar mellom land. Multilateralisme er det beste, òg for USA, sa han. Han streka under at institusjonane våre må endre seg for å møte nye utfordringar, og trekte spesielt fram den skeive fordelinga av velstand. Den globale økonomien må fungere betre og fungere for alle for ikkje å skape ustabilitet. Han tok òg opp situasjonen i Syria, der han meinte at Russland er oppteken av å vinne tilbake tapt innverknad med makt. Obama streka under at det ikkje finst noka militær løysing for Syria-konflikten, berre politisk. Den same budskapet hadde han i omtalen av Israel/Palestina-konflikten. Her fordelte han ansvaret relativt balansert mellom dei to partane: Den palestinske sida kan eksplisitt anerkjenne Israel og gjere meir for å stoppe oppmodingar til vald mot israelarar, medan Israel kan stanse busetjarverksemd og okkupasjon. Løysinga ligg i diplomati, ikkje krigshandlingar.

Den nye statsministeren i Storbritannia, Theresa May, krinsa rundt mange av krisene i verda i innlegget sitt. I tillegg til å ta eit oppgjør med det ho kalla det moderne slaveriet, la ho vekt på den sentrale og viktige rolla FN har i verda. Den franske presidenten François Hollande var naturleg nok oppteken av klima og Paris-avtalen i innlegget sitt, og meir spesifikt, det ansvaret som ligg på kvart enkelt land for å ratifisere avtalen. Den tyske utanriksministeren Frank-Walter Steinmeier valde å trekkje merksemda over mot dei populistiske strøymingane i Europa. Ifølgje Steinmeier står Europa overfor eit val: Kjempe for å halde EU samla, eller la populistar trekkje unionen frå kvarandre.

I talen sin anerkjente den russiske utanriksministeren Sergej Lavrov at Paris-avtalen no er

vorten ein viktig del av aktivitetane til FN, og etterspurde klare reglar og prosedyrar som ein føresetnad for ei vellukka gjennomføring. Lavrov tok dessutan opp konflikten i Syria, og hevda at den militære bistanden frå Russland til den syriske regjeringa er hovudårsaka til at landet enno ikkje har kollapsa. Den russiske utanriksministeren kommenterte òg konflikten i Ukraina, og tok her til motmæle mot eit tidlegare innlegg der den ukrainske presidenten Petro Porosjenko gjekk hardt ut mot Russland for annekteringa av Krim og destabiliseringa av Aust-Ukraina. Ukrainas president tok eit oppgjær med Moskvass framstilling av at dei ikkje er part i konflikten, og med at dei systematisk nektar for at dei framleis er nærverande i landet. Den russiske utanriksministeren skulda på si side den nye regjeringa i Ukraina for å bruke krisa til å oppnå «korrupte geopolitiske mål», og for å motsetje seg at Minsk-avtalen av 2015 vart sett i verk. Lavrov understreka at gjennomføringa av Minsk-avtalen er det einaste som vil skape tryggleik og samarbeid i det euroatlantiske området. Ifølgje Lavrov var verken NATO eller EU i stand til å skape kollektiv semje utan at nokon endar opp som taparar og andre som vinnarar.

Statsminister Erna Solberg heldt det norske hovudinnlegget mellom innlegga til den palestinske presidenten Mahmoud Abbas og Israels statsminister Benjamin Netanyahu. Ho nytta plasseringa på talarlista til å sende ei melding til dei to statsleiarane om å følgje opp tilrådingane frå Midtausten-kvartetten (FN, USA, Russland og EU), som ber partane om å vise at dei støttar ei tostatsløyning. Vidare oppmoda Solberg regionale og globale makthavarar til å sikre ei varig våpenkvile og humanitær bistand i Syria, men peikte samtidig på at vi ikkje berre må fokusere på Syria. Statsministeren viste til grove brot på prinsippa til FN som verda har vore vitne til dei siste åra. Ho framheva òg kor viktig det er at fredsoperasjonane til FN leverer i samsvar med mandata sine om å verne sivile, og at Noreg framleis vil støtte opp om reform av operasjonane. Ho minna samstundes om det positive ved at verda har klart å samle seg for å løyse felles utfordringar, særleg gjennom Paris-avtalen og 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Berekraftsmåla handlar om å skape inkluderande samfunn, oppsummerte ho. I arbeidet mot ulikskap og urettferd må likestilling med. Solberg framheva verdien av utdanning for alle, særleg for jenter. Å styrkje FN-pilaren for menneskerettar, både økonomisk og politisk, er ei viktig investering for framtida, slo ho fast. Solberg la spesielt vekt på menneskerettsforsvararar, og

særleg dei som står opp for rettane til kvinner, minoritetar og marginaliserte grupper.

Eit anna tema som trekte til seg stor merksemd i generaldebatten, var atomprøvesprengingane til Nord-Korea. Spania, Portugal og Mexico tok opp og fordømte prøvesprengingane og testinga av ballistiske missil. Den nordkoreanske utanriksministeren Ri Yong Ho svara med å omtale Korea-halvøya som det mest ustabile området i verda i dag. Han var kritisk til fellesøvingane til Sør-Korea og USA på halvøya. Japan gjekk hardt ut mot Nord-Korea i innlegget sitt. Det vart hevda at Nord-Korea har avslørt seg som ein direkte trussel mot internasjonal fred og tryggleik, og at sjølve grunnlaget for FNs eksistens er sett på prøve. Japan meinte at Tryggingrådet no må kome på banen for å setje ein stoppar for trusselen frå Nord-Korea. Atomprøvesprengingane som Nord-Korea nyleg hadde gjennomført, skapte òg reaksjonar i Moskva. Den russiske utanriksministeren oppmoda Pyongyang til å avslutte atomrakettprogrammet, og til å slutte seg til ikkjespreiingsavtalen. Samstundes streka Russland under at situasjonen på Korea-halvøya ikkje bør nyttast som eit påskot for ei ytterlegare militarisering av Nordaust-Asia eller for utplassering av amerikanske rakettar.

Andre regionale konflikhtar vart òg nemnde, men då hovudsakeleg av dei involverte partane. Afghanistan streka under at landet framleis heldt døra open for forhandlingar om fred, òg med Taliban, samstundes som dei gav klart uttrykk for at dei var misnøgde med den rolla Pakistan spelar som deira nærmaste granne. Pakistan viste til dei alvorlege konsekvensane som krig og ustabilitet i Afghanistan har hatt for tryggleiken og økonomien i landet. Pakistan har teke imot meir enn tre millionar afghanske flyktningar, men uttrykte håp om at desse vil returnere til Afghanistan, frivillig og på ein verdig måte. Pakistan tok òg opp konflikten i Kashmir og tilhøvet til India.

Generaldebatten handla òg om andre globale tema. Land i sør var spesielt opptekne av dei nye FN-måla for berekraftig utvikling og behovet for å gjennomføre dei. Mange kyststatar og ikkje minst små øystatar var særleg opptekne av klima. Mange trekte òg fram kampen mot terrorisme og radikalisering som ei av dei viktigaste utfordringane i vår tid.

2.2 Høgnivåmøte

Opninga av generalforsamlinga i FN er den viktigaste politiske møteplassen i verda, der svært

mange statsleiarar, regjeringssjefar, utanriksministrar og politikarar deltek. Samstundes med generaldebatten vert det halde ei rekkje andre møte og arrangement, i tillegg til alle dei bilaterale samtalanane som finn stad i utkanten av debatten. I 2016 vart det halde to globale toppmøte i FN-regi: Eitt om flukt og migrasjon og eitt som sette kampen mot antimikrobiellresistente bakteriar på dagsordenen. I tillegg deltok Noreg på fleire høgnivå- og ministermøte etter invitasjon frå nasjonale delegasjonar. Noreg la vekt på utdanning som eit av dei store globale satsingsområda under 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Noreg var med då USA, med president Obama i spissen, inviterte til eit toppmøte der 43 stats- og regjeringssjefar diskuterte eit felles løft for flyktningane i verda. I tillegg deltok Noreg på ei rekkje gjevarkonferansar og møte der føremålet var å samle inn midlar til mange av dei mest kritiske konfliktane i verda. Klimavtalen frå Paris i 2015 fekk eit gjennombrot under høgnivådelen, noko som førte til at avtalen tok til å gjelde litt over ein månad seinare.

Statsminister Erna Solberg leidde den norske delegasjonen, som var samansett av utanriksminister Børge Brende, innvandrings- og integreringsminister Sylvi Listhaug, helse- og omsorgsminister Bent Høie og klima- og miljøminister Vidar Helgesen. Dessutan deltok statssekretær Tone Skogen under heile høgnivåveka. Til saman heldt Noreg 72 innlegg denne veka.

Flukt og migrasjon

Statsminister Solberg og innvandrings- og integreringsminister Listhaug representerte Noreg under toppmøtet om flukt og migrasjon. Ei sluttfråsegn med to vedlegg – eit rammeverk for å handtere flyktningkriser og eit vegkart om migrantar – vart vedteken ved akklamasjon. Dette sette punktum for ein lang forhandlingsprosess der ulike interesser og motsetnader mellom avsenderland, transittland og mottakarland har vore sterke. Det var likevel avgjerande at situasjonen for flyktningar og migrantar for første gong vart sett i samanheng, og at dette temaet no er vorte teke opp i FN. Ein ny partnerskapsavtale mellom FN og Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) vart undertekna. Dette markerer ein historisk milestolpe i den 65-årige historia til IOM. Eit tettare samarbeid mellom FN's høgkommissær for flyktningar og IOM gjer verdssamfunnet betre rusta til å møte dei utfordringane vi står overfor i dag, med meir enn 65 millionar menneske på flukt. Statsminister Solberg heldt det norske hovudinnlegget på toppmøtet, der ho la vekt både på norsk humani-

tær innsats for flyktningar og Noreg si rolle som mottakarland for flyktningar og asylsøkjjarar. Statsminister Solberg og statsråd Listhaug deltok òg på kvar sin rundebordskonferanse om relaterte tema.

På rundebordet om flyktningar og migrantar retta statsminister Solberg merksemda mot behovet for å skilje klarare mellom flyktningar og økonomisk motivert migrasjon, og behovet for meir samarbeid rundt returspørsmål. Ho sa òg at det er naudsynt med betre oppfølging av flyktningkonvensjonen, og at det i utsette land er naudsynt å medverke til å betre helse- og utdanningstilbodet for å løyse dei langvarige utfordringane. Det var semje i panelet om at det må gjerast noko med dei grunnleggjande årsakene til migrasjon og flukt, men at det er naudsynt å finne løysingar på kort sikt som tryggjer dei grunnleggjande rettane til flyktningar. Det var òg semje om at det internasjonale samfunnet har eit felles ansvar for å finne løysingane på flyktning- og migrasjonskrisa. Ingen land kan klare dette aleine.

Innvandrings- og integreringsminister Listhaug deltok i ein paneldiskusjon om flyktningar og respekt for folkeretten. Ho streka under at evna til å svare på flyktningkriser er under press på grunn av talet på personar som migrerer av økonomiske grunnar, og at løysingane for størstedelen av flyktningane må finnast i opphavslanda eller i nærområda deira. I diskusjonen var det stort fokus på kor viktig det er å styrkje arbeidet med eit rammeverk for flyktningar. Det var brei semje om behovet for ei meir heilskapleg og føreseieleg handtering av flyktningkriser og vern av asylinstituttet. Situasjonen i Middelhavet og samarbeid med opphavs- og transittland var òg eit sentralt tema. Representantar for det sivile samfunnet framheva behovet for betre mottakskapasitet og standardar, med særleg vekt på å unngå internering av flyktningar og migrantar, betre bistanden og auke ressursane til saksbehandling, og gje barn betre tilgang til utdanning.

Utanriksminister Brende deltok i ein paneldiskusjon om innovative finansieringsmekanismar til støtte for mellominntektsland som husar store flyktninggrupper. Det var stor interesse for arrangementet, som vart leidd av president Jim Kim i Verdsbanken og visegeneralsekretæren i FN, Jan Eliasson. Utanriksministeren viste til Noreg som pådrivar i etableringa av mekanismen til støtte for syriske flyktningar i Jordan og Libanon, og behovet for å byggje vidare på dette initiativet. Han gav ros til FN og Verdsbanken for arbeidet med å sikre betre koplingar mellom humanitær bistand og langsiktig utvikling i langvarige flyktningssituasjonar.

Toppmøtet til Obama for å diskutere eit felles løft overfor dei 65 millionane flyktningar og internt fordrevne i verda samla 43 stats- og regjerings-sjefar, mellom anna statsminister Solberg. Her deltok òg FNs generalsekretær Ban Ki-moon og leiaren for Verdsbanken, Jim Kim. Ei rekkje land lova auka humanitære bidrag og/eller fleire plassar for gjenbusetjing av flyktningar. Det vart lova auka innsats innanfor utdanning og investeringar for å skape arbeidsplassar. Det var brei samtykke om at det må vere eit felles løft, og at alle land må medverke til å løyse den største flyktningkrisa sidan andre verdskrigen. Dersom vi ikkje klarar utfordringa, vil vi risikere samanbrot i fleire land, medrekna fleire som i dag vert rekna som stabile. Det norske innlegget på dette møtet vart halde av statsminister Solberg. Statsministeren streka under at omfanget av og kompleksiteten i migrasjonsstraumane i dag kan utfordre tryggleiken og velstanden vår. I framtida vil dagens leiarar bli målte på korleis dei har teke utfordringa. Det vart vist til det rekordhøge humanitære bidraget frå Noreg og auken i talet på kvoteflyktningar. Den norske innsatsen vil bli vidareført i åra som kjem. Innsatsen for dei internt fordrevne, som ikkje nyt godt av det same vernet som flyktningar som har kryssa ei grense, må òg aukast. Statsministeren konkluderte med at utfordringane er store, men moglege å løyse, på det vilkåret at alle land medverkar til eit felles løft.

Helse og antimikrobiell resistens

Statsminister Solberg og helse- og omsorgsminister Høie representerte Noreg på toppmøtet om det aukande problemet med bakteriar og mikrobar som utviklar motstand mot antibiotika og andre medisinar, såkalla antimikrobiell resistens. FNs generalsekretær Ban Ki-moon, og generaldirektørane for Verdsheelseorganisasjonen, FN-organisasjonen for ernæring og landbruk og Verdsdyrehelseorganisasjonen, innleidde møtet. Møtet vedtok ei sluttfråsegn om antimikrobiell resistens som byggjer på ei felles forståing av problemet. Fråsegnen gav eit sterkt mandat til Verdsheelseorganisasjonen og andre FN-organisasjonar, og oppmoda medlemslanda til å auke innsatsen mot antimikrobiell resistens. Toppmøtet fekk brei internasjonal nyhendedekning, og FN oppnådde intensjonen om å setje saka høgt på den internasjonale dagsordenen. Statsministeren deltok i eit diskusjonspanel om tverrsektorielle utfordringar. Helse- og omsorgsminister Høie heldt det norske innlegget i plenumsdiskusjonen.

I panelet fokuserte statsminister Solberg på unødvendig bruk av antibiotika til dyr i landbruket og argumenterte for eit globalt forbod mot antibiotika som vekstfremjar. Ho viste dessutan til at forbrukarane spelar ei viktig rolle for å medverke til mindre bruk av antibiotika i matproduksjon. Samarbeid mellom styresmakter og næringsaktørar er viktig for å medverke til å utvikle vaksinar og nye typar antibiotika. Statsministeren trekte fram dømet frå Noreg der utvikling av fiskevaksinar har redusert bruken av antibiotika i fiskeoppdrettsnæringa med 99 prosent sidan slutten av 1980-talet. Innlegget til Solberg fekk positiv merksemd og vart mellom anna omtala i ein artikkel i Washington Post.

I plenumsinnlegget framheva helse- og omsorgsminister Høie kor viktig det er med ein målretta innsats for å møte utfordringane. Han meinte at føreskriving av antibiotika ikkje bør vere kopla til økonomisk inntening, og at produsentane av antibiotika må stoppe utsleppa av produksjonsavfall i lokalmiljøet. Høie peikte òg på behovet for betre global overvaking av utbreiinga av antimikrobiell resistens og kor viktig det er med forskning og innovasjon. Helse- og omsorgsministeren sa dessutan at Noreg vil yte økonomisk støtte til Verdsheelseorganisasjonen i dette arbeidet.

Det siste møtet i Høgnivåkommisjonen for helsearbeidarar og økonomisk utvikling vart òg halde under høgnivåveka. Statsråd Høie var medlem av denne kommisjonen, som vart leidd av den franske presidenten François Hollande og den sørafrikanske presidenten Jacob Zuma. På dette møtet vart det framskriva at det ville vere behov for 40 millionar helsearbeidarar på verdsbasis fram til 2030. Samstundes er det eit aukande behov for arbeidsplassar og gode helsetenester. Utfordringane er særleg store i utviklingslanda. Kommisjonen overleverte ti råd og ein tilhøyrande handlingsplan til generalsekretær Ban Ki-moon. Hovudbodskapen til kommisjonen er at leiarane i verda bør investere i utdanning og arbeidsplassar for helsearbeidarar for å medverke til økonomisk vekst og for å nå berekraftsmåla til FN. Investering i utdanning og arbeidsplassar innanfor helse må sjåast som ei investering, ikkje ein kostnad. Investeringar gjev positive samfunns- og helseverknader. Statsminister Solberg deltok saman med fleire andre statsleiarar ved overrekkinga av rapporten. Statsministeren framheva i innlegget sitt at framlegget frå kommisjonen om å investere i helsepersonell, i tillegg til arbeidet med utdanning, vil medverke til likestilling og økonomisk utvikling.

Statsminister Solberg deltok på eit arrangement i regi av Noreg, Japan og Tyskland om globale helsekriser og korleis ein kan dra nytte av røynsler frå ebola-utbrotet i det vidare arbeidet. Oppmøtet var stort, og arrangementet samla topplaget av globale aktørar på området, med generalsekretær i FN Ban Ki-moon, president Jim Kim i Verdsbanken, generaldirektør Margaret Chan i Verdsheleorganisasjonen og generalsekretær Elhadj As Sy i Det internasjonale Raudekrossen- og Raude Halvmåneforbundet. Generalsekretæren i FN sa at helse er hjørnesteinen for menneskeleg tryggleik. Gode partnerskap er sentralt for å lukkast med førebygging og helsesektorstyrking. Trass i stort internasjonalt engasjement er finansieringa svak. Fleire i panelet meinte at dette skuldast manglande politisk forståing for alvor av førebygging og beredskap. Frå norsk side fekk vi profilert det nye *Coalition for Epidemic Preparedness Innovations*, ein koalisjon der Noreg har vore blant initiativtakarane.

Saman med generalsekretær i FN Ban Ki-moon og president Jim Kim i Verdsbanken lanserte statsminister Solberg høgnivårapporten om den globale finansieringsfasiliteten for helse blant kvinner, barn og ungdom. Den nye finansieringsordninga vart lansert under konferansen *Finansiering for utvikling* i Addis Abeba i 2015. Solberg var initiativtakar til rapporten, der meir enn 30 stats- og regjeringssjefar og globale helseleiarar har teke til orde for å byggje berekraftige helsesystem gjennom nasjonal ressursmobilisering. Noreg fekk skryt for måten finansieringsordninga var leidd på, og statsministeren fekk ros for å ha teke initiativet til rapporten. Statsministeren nytta høvet til å oppmuntre andre til å bli med i finansieringsordninga som banar vegen for å finansiere utviklinga av helsesystem på ein berekraftig måte.

Globalt utdanningsløft og utdanning i kriser

Under høgnivåveka la Den internasjonale kommisjonen for finansiering av utdanning fram rapporten sin og tilrådingane sine for generalsekretæren i FN, statsminister Solberg og dei andre oppdragsgevarane. Den uavhengige kommisjonen vart skipa under ein internasjonal utdanningskonferanse i Oslo i 2015 for å analysere dei utfordringane som utdanningssektoren står overfor, særleg finansiering. Kommisjonen minna om kor viktig utdanning er for alle barn og unge i heile verda. Rapporten strekar under at utdanning er ein føresetnad for å nå dei andre berekraftsmåla og for at land skal kome seg ut av ekstrem fattig-

dom. Kommisjonen peikte på kor store kostnadene vert ved ikkje å gje alle barn ei god og relevant utdanning. Leiaren for kommisjonen, Gordon Brown, slo fast at det er behov for auka innsats.

Statsminister Solberg og utanriksminister Brende deltok begge på lanseringa av kommisjonsrapporten. Dette gav eit tydeleg signal om at Noreg legg svært stor vekt på utdanning. I talen sin streka Solberg under at alle land har ansvar for å prioritere utdanning, men ho sa òg at det internasjonale samfunnet måtte bidra meir. Statsministeren framheva at bistanden må vere resultatorientert, og at det er viktig å nå alle barn, medrekna barn som lever i konfliktområde, barn på flukt og dei som har nedsett funksjonsevne.

Noreg deltok òg på ei rekkje sidearrangement om utdanning i kriser og konflikt. Statssekretær Tone Skogen deltok på møte i styringsgruppa for *Education Cannot Wait*, som samla inn midlar til utdanning under krisene i Tsjad, Syria og Jemen, og til styrkt samarbeid på området, mellom anna mellom FNs barnefond UNICEF og FNs høgkommissær for flyktningar. Noreg var representert under lanseringa av eit nytt forskingsinitiativ med støtte frå Dei sameinte arabiske emirata for å stimulere til meir og betre forskning om utdanning i krise og konflikt. Qatar arrangerte eit møte om styrking av høgare utdanning i krisesituasjonar og behovet for ein mekanisme for snøgge reaksjonar, der Noreg òg deltok.

Statsminister Solberg avslutta veka med *Global Poverty Project*-konserten i Central Park, som samla 60 000 tilskodarar og 30 millionar tvsjåarar over heile verda. Ho oppmoda til internasjonal innsats for å nå berekraftsmåla og framheva kor viktig det er at barn har rett til utdanning. Arrangementet synleggjorde det norske leiarskapet for det globale utdanningsløftet.

Klima og miljø

Klimaavtalen frå Paris, som vart lagd fram for underteikning 22. april 2016, fekk naturleg nok stor merksemd under høgnivåveka. Generalsekretær Ban Ki-moon oppmoda til snøgg iverksetjing av klimaavtalen. På eit arrangement om Parisavtalen gratulerte han dei landa som hadde ratifisert avtalen. Noreg var eitt av desse landa. Den amerikanske utanriksministeren John Kerry heldt eit innlegg om behovet for snøgt å gjennomføre det som landa i verda vart samde om i Paris. I den tida arrangementet gjekk føre seg, deponerte eit tjuetals land ratifikasjonsinstrumenta sine. Dette fekk talet på ratifikasjonar opp i 60, som var mange nok statspartar til at avtalen skulle kunne

ta til å gjelde. Då kom ein òg opp i 48 prosent av alle globale klimagassutslepp, noko som var eit godt stykke på veg til å oppfylle kravet om 55 prosent for at avtalen skulle vere gyldig. Dette var eit tydeleg gjennombrøt og teikn på at iverksetjinga av den globale klimaavtalen var innanfor rekkjevidd. Dette målet vart òg nådd berre nokre dagar etter at høgnivåveka var avslutta, den 5. oktober, då 74 statspartar, som til saman stod for 59 prosent av dei globale utsleppa, hadde ratifisert avtalen.

Eit hovudinntrykk frå dei politiske samtalane var at Paris-avtalen er vorten det vendepunktet han var meint å vere. Det var mange engasjerte diskusjonar om korleis det internasjonale klimasamarbeidet kan styrkjast, noko som viste engasjementet for ei snøgg gjennomføring av avtalen.

Klima- og miljøminister Vidar Helgesen deltok òg på eit møte i den såkalla høgambisjonskoalisjonen, som vart skipa under klimatoppmøtet i Paris. Koalisjonen er samansett av over 100 land, mellom anna 79 land frå Afrika, Karibia og Stillehavet. Denne koalisjonen har hatt mykje å seie for å få i stand ein ambisjøs global klimaavtale. På møtet i New York vart det diskutert korleis ein kan medverke til framgang på fleire prioriterte område, mellom anna for å sikre at det vert utarbeidd konkrete regelverk for gjennomføring av avtalen. Den norske statsråden leidde diskusjonen og la i innlegget sitt vekt på den innsatsen som alle land må gjere i dei komande åra for å gjennomføre dei nasjonale måla sine under Paris-avtalen.

Statsråd Helgesen deltok òg på eit arrangement og ein pressekonferanse som var spesifikt retta mot utfasing av dei sterke hydrofluorkarbonklimagassane (HFK-gassar). Helgesen annonserte at Noreg vil gje eit ekstra bidrag i 2017 på 2,3 millionar kroner til Montreal-protokollens multilaterale fond i arbeidet med å fase ut desse gassane i utviklingsland. På pressekonferansen sa Helgesen at ein avtale om gassar frå hydrofluorkarbon ville vere det viktigaste einskiltiltaket som landa i verda kunne gjere i 2016 for å bremse klimaendringane.

Klima- og miljøminister Helgesen deltok dessutan i ein paneldebatt om å skaffe internasjonal finansiering for å bevare torvmyrene i Indonesia. Avskoging og øydelegging av torvmyrer står for minst 60 prosent av klimagassutsleppa i Indonesia, og store brannar har ført til at Indonesia er blant dei største utsleppslanda i verda. Helgesen annonserte at Noreg vil gjere sitt til at Indonesia når måla sine om å verne og atterreise store område med torvmyr. Den indonesiske visepresidenten Jusuf Kalla var vert for arrangementet, og i

innlegget sitt takka han for den norske støtta til Indonesia gjennom det bilaterale klima- og skogpartnerskapet, som vart innleidd i 2010.

Statsråd Helgesen deltok òg på eit møte om partnerskap med små øystatar, dei såkalla SIDS-landa (*Small Island Development States*). Partnerskapet mellom Noreg og SIDS vart formelt skipa i desember 2015 for å følgje opp forpliktingar og ta initiativ til nye prosjekt for ei berekraftig utvikling i samarbeid med små øystatar som er særleg sårbare for klimaendringane. I innlegget sitt la Helgesen vekt på det nære samarbeidet mellom Noreg og SIDS, mellom anna under klimaforhandlingane. Han trekte òg fram andre globale utfordringar, til dømes behovet for å varsle om naturkatastrofar og få tilgang til energi, og tiltak for å sikre ei forsvarleg forvaltning av hav og marine ressursar – område der Noreg og små øystatar har felles interesser og er gode samarbeidspartnarar.

Den norske delegasjonen deltok på fleire andre klimarelaterte møte. Klima- og miljøminister Helgesen og utanriksminister Brende deltok mellom anna på *Major Economies Forum on Climate Change and Clean Energy*, som har til føremål å fremje dialog og leiarskap mellom dei største klimautsleppslanda. Helgesen deltok òg i eit møte som FNs miljøprogram og Organisasjonen for internasjonalt kriminalpolitissamarbeid (INTERPOL) arrangerte for å rette merksemd mot miljøkriminalitet.

Menneskerettar

Statsminister Solberg deltok på eit historisk toppmøte om rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT-personar) saman med den chilenske presidenten Michelle Bachelet, FNs generalsekretær Ban Ki-moon og den amerikanske visepresidenten Joe Biden. Dette var første gongen denne tematikken vart diskutert i FN på stats- og regjeringssjefs nivå. Under møtet vart det halde sterke, personlege og kjensleladde innlegg. Den snøgge utviklinga som ein har sett og framleis ser når det gjeld respekt for rettane og likeverdet til LHBT-personar, stod i fokus. Det vart slått fast at dei viktige endringane ikkje minst har vore drivne fram av ein iherdig og langvarig innsats frå det sivile samfunnet, men òg frå politisk leiarskap, både nasjonalt og internasjonalt. Likevel står det mange utfordringar att. I innlegget sitt streka statsminister Solberg under at vi arbeider for rettane til LHBT-personar i Noreg, og at vi framleis vil ta ei internasjonal leiarrolle på dette feltet. Ban Ki-moon uttrykte at han var stolt over å betale ein politisk pris i FN for støtta si til LHBT-

rettar. Joe Biden sa mellom anna at kultur aldri kan legitimere diskriminering på bakgrunn av legning eller seksuell identitet.

Statssekretær Skogen deltok på et sidearrangement om dødsstraff, i regi av Italia, Argentina, Frankrike og kontoret til FNs høgkommissær for menneskerettar. Arrangementet vart opna av generalsekretær Ban Ki-moon, som streka under at han gjennom heile tida som generalsekretær hadde arbeidd for å kjempe mot dødsstraff, og at FN skal vere ein pådrivar i arbeidet med å avskaffe dette. Han heldt fast ved at dødsstraff ikkje høyrer heime i det 21. hundreåret, og kom med ei sterk oppmoding til leiarane i verda om å avskaffe det. FNs høgkommissær for menneskerettar rosa og uttrykte takksemd for den innsatsen Ban Ki-moon har gjort på dette området. Statssekretær Skogen slo fast i innlegget sitt at Noreg set seg imot bruk av dødsstraff i alle samanhengar, og at vi vil halde ved lag det internasjonale engasjementet vårt i kampen mot dødsstraff. I opningsinnlegga sine var utanriksministrane frå Argentina og Italia òg klare på kor viktig det er å avskaffe dødsstraff og å mobilisere for dette når Generalforsamlinga skulle behandle resolusjonen om dødsstraff. Samstundes vart det uttrykt uro over at fleire land som har hatt moratorium på dødsstraff før, har byrja å utføre avrettingar igjen.

USA og Estland inviterte gjevargruppa for den amerikansk-initierte finansieringsmekanismen *Lifeline* til møte for å høyre vitneutsegner frå menneskerettsforkjemparar frå Venezuela, Vietnam og Bahrain. Noreg støttar *Lifeline* saman med mellom anna dei baltiske landa, Tsjekkia, Canada, USA og Nederland. *Lifeline* formidlar vidare små summar til menneskerettsaktivistar som har hamna i prekære situasjonar eller vert utsette for trakassering etter å ha kritisert situasjonen i heimlandet i FN-samanheng eller liknande. Representantar frå austuropeiske land er særleg opptekne av denne ordninga, ut ifrå eigne historiske røynsler. FNs høgkommissær for menneskerettar har teke til orde for å svarteliste land som ikkje er i stand til å verne eigne borgarar mot slik trakassering. Frå norsk side vart det slått fast at ein slik praksis er uakseptabel, og at Noreg vil halde fram med å støtte situasjonen for menneskerettsforkjemparar.

Kjønnsbasert vald i konflikt

Kampen mot kjønnsbasert vald i konflikt var eit viktig tema for Noreg under høgnivåveka. Statssekretær Skogen deltok på ei rekkje møte der

dette globale problemet vart utdjupa i ulike samanhengar.

Jesidi-kvinna Nadia Murad frå Irak og advokaten hennar, Amal Clooney, stod i spissen for møtet *The Fight Against Impunity. Bringing Daesh to Justice*. Murad er eit tidlegare offer for ISILs menneskehandel, tortur og seksuelle misbruk. Saman leier Murad og Clooney ein kampanje for å få Tryggingrådet til FN til å sikre bevis og få stilt medlemmer av terrorgruppa for retten for slike brotsverk. Statssekretær Skogen streka under at ISIL ikkje kan gå ustraffa for brotsverka som er gjorde mot jesidiane og andre minoritetar. Ho viste til at Noreg støttar prosjekt som skal hjelpe offer for seksuell og kjønnsbasert vald til å kome tilbake til samfunnet. Sidan 2014 har òg Noreg teke til orde for at overgrep i Syria skal dokumenterast og takast inn for den internasjonale straffedomstolen (ICC) i Haag.

Statssekretær Skogen heldt òg det norske innlegget då Sveriges utanriksminister Wahlström leidde ein uformell diskusjon om korleis ein kan oppnå og måle betringar i vern og forebygging av kjønnsbasert vald i krisesituasjonar. Skogen fortalte at Noreg, som er blant dei største humanitære gjevarane i verda, krev at partnarane våre rapporterer om korleis kjønnspektivet vert gjennomført i hjelpearbeidet. Det var fleire som framheva fredsavtalen i Colombia som eit nyskapande døme, der inkludering av kvinner og temaet kjønnsbasert vald vert teke alvorleg. Møtet konkluderte med at styresmakter og partar i konflikt og alle aktørar i den humanitære innsatsen må ansvarleggjerast. Det vart òg peikt på at tematikken held fram med å vere sentral på den internasjonale agendaen, og at fleire konkrete mål frå Verdas humanitære toppmøte er knytte til arbeidet mot kjønnsbasert vald.

Baronesse Joyce Anelay frå Storbritannia og generalsekretæren sin spesialrepresentant mot seksualisert vald i konflikt, Zainab Hawa Bangura, leidde eit møte om seksualisert vald i konflikt og om stigmatisering av ofra. Skamma må flyttast frå offeret til overgriparen, sa Bangura, som fortalte om dei mange møta ho har hatt med offer for seksualisert vald som ikkje søkte hjelp på grunn av den sterke stigmatiseringa – dei praktisk talt døyddes av skam. Den colombianske journalisten Jineth Bedoya fortalte om overgrepa ho vart utsett for då ho vart kidnappa, og sa at ho valde å stå fram for å endre haldningar og hindre stigmatisering. Seksualisert vald har alltid vore brukt som ein krigstaktikk, sa statssekretær Skogen i innlegget sitt, men

overgrepa vi er vitne til i dag, er meir omfattande enn nokon gong før. Det er viktigare enn nokon gong å prioritere dette området i innsatsen vår for fred og tryggleik.

Syria og oppfølgingsmøte til London-konferansen

Tryggingrådet heldt eit høgnivåmøte den 21. september 2016 for å diskutere situasjonen i Syria. Møtet var prega av at våpenstillstandsavtalen var under stort press. Dagen før møtet vart ein humanitær konvoi utsett for eit luftåtak utanfor Aleppo, og same dagen var det eit luftåtak mot ein helsestasjon nær Aleppo, som råka humanitær- og helsearbeidarar. Framgang i Syria krev tillit og samarbeid, først og fremst mellom USA og Russland, men møtet viste at det framleis er langt igjen til dette tillitsstilhøvet er atterreist. USAs utanriksminister Kerry var spesielt tydeleg i sin kritikk av Russland og kollega Lavrov. FN, ved spesialutsending Staffan de Mistura, hadde utarbeidd eit rammeverk som utgangspunkt for forhandlingar om politisk overgang for Syria, som skulle leggjast fram for partane ved forhandlingsbordet. Generalsekretær Ban Ki-moon sa til medlemmene av Tryggingrådet at ingen av oppgåvene deira var viktigare enn å medverke til å få på plass ei politisk løysing for Syria.

Medarrangørane for Syria-konferansen i London arrangerte eit oppfølgingsmøte under høgnivåveka. Utanriksminister Brende opna arrangementet og leidde ein utdanningssesjon saman med den britiske utviklingsministeren Priti Patel. Den britiske utanriksministeren Boris Johnson avslutta arrangementet. Både FN og representantar frå syriske organisasjonar heldt innlegg under arrangementet, i tillegg til andre gjevarar og representantar frå grannelanda. På møtet kom det fram at nesten 80 prosent av lovnadene som gjevarane gav under Syria-konferansen i London i februar 2016, var innfridde. Samstundes var berre 43 prosent av dei humanitære appellane til FN finansiert. Grunnen til dette er dei stadig større humanitære behov.

Utanriksminister Brende streka under kor viktig det er at alle gjevarar betalar ut det som dei lova i London, ikkje minst fordi krisa er forverra og dei tilhøyrande behov har auka. Under møtet vart det vist til at det berre er ei handfull gjevarar (medrekna Noreg) som står for 3/4 av all støtta, og at det er behov for både fleire gjevarar og større bidrag frå kvar gjevar.

Jemen

Den humanitære krisa i Jemen var tema for eit sidearrangement der statssekretær Skogen deltok. Føremålet med møtet var å auke merksemda rundt dei enorme behova og mobilisere til auka støtte til den humanitære responsen. FN gjekk ut frå at 21 millionar menneske treng humanitær naudhjelp. Det er stor mangel på mat og medisinar. Underernæring er utbreidd, òg blant barn.

Den internasjonale Raude Kross-komiteen og FN-organisasjonane skildra svært vanskelege arbeidstilhøve og store problem med å få tilgang til alle som treng hjelp. Statssekretær Skogen sa at det er eit akutt behov for ei humanitær våpenkvile for å få hjelpa fram. Ho framheva òg det ansvaret som ligg på dei krigførande partane om å respektere den internasjonale humanitærretten og jobbe for ei politisk løysing på konflikten. FN har ei svært krevjande rolle med store udekte behov. Til sist viste Skogen til at Noreg har teke avgjerd om å auke den humanitære støtta til Jemen.

Høgnivåmøte om Somalia

Under høgnivåmøtet om Somalia stadfesta utanriksminister Brende at Noreg er ein sterk støtte-spelar i arbeidet for fred og stabilitet i landet. Han noterte framgangen som har skjedd. Utanriksministeren peikte på kor viktige dei komande vala er, og at betre tryggleik er ein føresetnad for utvikling. Det vart vedteke ei felles fråsegn som mellom anna streka under at regionen og det internasjonale samfunnet har felles interesser når det gjeld eit fredeleg og velfungerande Somalia. I denne fråsegna vert framgangen sidan 2012 ønskt velkommen, og det vert peikt på at utviklingsprosessen må vere leidd av Somalia sjølv.

Høgnivåmøte om den humanitære situasjonen i Sør-Sudan

Utanriksminister Brende var ein av paneldeltakarane under høgnivåmøtet om den humanitære situasjonen i Sør-Sudan. Utanriksministeren gav tydeleg uttrykk for at dette er ei menneskeskapt humanitær krise og at partane i Sør-Sudan må gjennomføre fredsavtalen og betre den humanitære tilgangen til dei naudlidande i landet. Han la vekt på det sterke norske engasjementet i Sør-Sudan, både i form av støtte til oppfølginga av fredsavtalen og når det gjeld bistand. Utanriksmi-

nisteren viste til at Noreg har gjeve store bidrag til den humanitære situasjonen Sør-Sudan, med matvaretryggleik, vern og utdanning som prioriterte innsatsområde.

FNs fredsbyggingsfond

Utanriksminister Brende deltok på ein gjevarkonferanse for FNs fredsbyggingsfond. Han kunngjorde at Noreg vil auke støtta til fondet til 115 millionar kroner over tre år. Den norske støtta må sjåast på bakgrunn av at FN har eit unikt mandat for å førebyggje og løyse konflikhtar og byggje varig fred. Det er særskild viktig at verdsamfunnet gjev FN tilstrekkeleg politisk og økonomisk støtte i dette viktige arbeidet.

Utanriksministeren peikte særleg på tre faktorar for å oppnå berekraftig fred. For det første la han vekt på kor viktig det er med nasjonal eigarskap til prosessen, med politiske leiarar som har vilje til reell endring, og at alle relevante aktørar vert høyrde og inkluderte. For det andre trengst det eit velfungerande partnerskap for fredsbygging, der heile FN-familien arbeider samordna, og med internasjonale finansinstitusjonar, regionale aktørar og det sivile samfunnet. Sist, men ikkje minst, er det naudsynt med eit langsiktig perspektiv for å byggje solide institusjonar og hindre tilbakefall til konflikt.

FNs visegeneralsekretær Jan Eliasson sa seg nøgd med at FN fekk lovnader om til saman 150 millionar dollar, trass i at målet var det dobbelte. Fleire FN-rapportar har peikt på at fredsbygging er ein av dei beste investeringane medlemsstatane kan gjere for å hindre krig og konflikt. Ei unik side ved fredsbyggingsfondet er at mange ikkje-vestlege gjevjarland medverkar, til dømes India, Liberia, Pakistan og Chile. I alt 30 land frå alle dei regionale gruppene i FN gjev bidrag, noko som ikkje berre gjev pengar, men òg legitimitet til det fredsbyggjande arbeidet til FN.

Gjevarkonferansen for fredsbyggingsfondet markerte ein ny giv for Noreg som ein solid støtte-spelar til FN og fredsbygging, ikkje minst sidan Noreg kom inn att som medlem av FNs fredsbyggingskommisjon i januar 2017.

2.3 Norske sidearrangement under høgnivåveka

Også i år stod Noreg som arrangør av sidearrangement, både aleine og saman med andre.

Sidearrangement om berekraftige hav

Statsminister Erna Solberg var vertskap for eit møte om den blå økonomien og berekraftige hav. Med seg hadde ho ei rekkje framstående land og aktørar innanfor havagendaen. I panelet sat mellom anna den chilenske presidenten Michelle Bachelet og leiaren av Kommisjonen for Den afrikanske unionen, Nkosazana Dlamini-Zuma. Presidenten for partskonferansen under klimakonvensjonen, den franske økologi-, utviklings- og energiministeren Ségolène Royal, deltok òg på møtet.

På møtet vart det drøfta konkrete handlingar for å nå berekraftsmål 14 om hav: Bevaring og berekraftig bruk av hav, sjø og marine ressursar. I innleiinga si streka Solberg under at det er fullt mogleg å kombinere havbasert industri med sunne og produktive hav, så lenge gode miljøstandardar vert etterlevde både nasjonalt og internasjonalt. På møtet deltok òg presidenten for Marshalløyane, Hilda Heine, og utanriksminister Mohamed Asim frå Maldivane. Den private sektoren var representert ved Sturla Henriksen, leiar for Norges rederiforbund. Paneldeltakarane gav uttrykk for at dei reknar Noreg for å vere ein attraktiv partner i havspørsmål og for utviklinga av ein berekraftig blå økonomi, særleg med tanke på forskning, røynsle og kunnskapsdeling.

Møte om valdeleg ekstremisme i samarbeid med UN Women

Under høgnivåveka var statsminister Solberg òg vertskap for eit møte om kvinners deltaking og integrering av kjønnsperspektivet i førebygging av og kamp mot valdeleg ekstremisme. Møtet vart arrangert saman med leiaren for UN Women, Phumzile Mlambo-Ngcuka, og leiaren for Kvinnealliansen mot valdeleg ekstremisme, Sanam Anderlini. På møtet vart det lansert eit globalt dialogforum mellom det sivile samfunnet og nasjonale styresmakter som skal møtast jamleg og vere ein arena for utveksling av kunnskap og røynsler.

Grasrotaktivistar frå Irak, Nigeria og Pakistan fortalte om korleis dei arbeider for å hindre at unge menneske vert rekrutterte til terrororganisasjonar. Norske Deeyah Khan fortalte om arbeidet sitt i kvinnenettverket, mellom anna ved å nytte film som medium. Det var over 250 deltakarar på møtet, og land som Bangladesh, Sveits, Dei sameinte arabiske emirata, Mexico, USA og Storbritannia var representerte på høgt nivå. Statsminister Solberg lanserte, saman med

Kvinnealliansen, ein global dialogmekanisme for utveksling av røynsler mellom det sivile samfunnet, styresmakter og FN.

Trygve Lie-symposiet. Lansering av FN70-initiativet med tilrådingar til ein ny generalsekretær

Då FN70-initiativet lanserte tilrådingane sine til den neste generalsekretæren i FN, delte utanriksminister Brende podiet med kollegaene sine frå Ghana, Etiopia, Indonesia og Jordan, i tillegg til viseutanriksministrar frå Mexico og Colombia. Det var Noreg som stod for arrangementet, saman med *International Peace Institute*.

Før lanseringa hadde ministrane eit lukka møte der dei diskuterte samarbeidet så langt, og vegen vidare. Under den opne lanseringa var det over 100 tilhøyrarar, for det meste frå andre land sine delegasjonar, det sivile samfunnet og tenkjetankar i New York. Møtet vart leidd av Pamela Falk, FN-korrespondent for TV-nettverket CBS. Dei fem hovudtilrådingane som vart presenterte, var: 1) Lytt til alle land, men ver din eigen sjef, 2) Ver vår beste diplomat, 3) Ver ein aktivist, 4) Ver ein talsperson for dei fordrivne i verda, og 5) Ver en menneskerettsforsvarar.

Mange av FN70-landa trekte fram tilråding nummer éin, om behovet for ein sterk og uavhengig generalsekretær, som den viktigaste. Fleire ministrar framheva òg den tverregionale samansetnaden av gruppa som viktig. Arrangementet vart halde før det var kjent kven som ville bli ny generalsekretær.

FN70-initiativet og tilrådingane, som òg omfattar ei lengre liste med 35 reformframlegg, vil vere ei sentral plattform for vidare dialog med FNs generalsekretær Guterres.

Gjevarmøte for minerydding i Colombia

Utanriksminister Brende og USAs utanriksminister John Kerry innleidde høgnivåveka i FN med eit gjevarmøte til støtte for minerydding i Colombia. Representantar for 20 land uttrykte støtte til fredsavtalen som skulle underteiknast i Cartagena veka etter, og lova til saman 105 millionar dollar til rydding av eksplosivar som ligg att etter 50 år med konflikt. Tidlegare same året tok Noreg og USA initiativ til eit globalt løft for minerydding i Colombia. Noreg vil gjø 180 millionar kroner over tre år. Nest etter Afghanistan er Colombia det landet i verda som er mest råka av miner, og fredsavtalen vil for første gong gjø tilgang til nokre av dei områda som er hardest

råka. Colombias president Santos retta ein varm takk til gjevarlanda, og minna om at føresetnaden for all fredeleg utvikling på landsbygda i Colombia er at områda først vert rydda for landminer. Gjevarmøtet vart innleidd med eit møte med organisasjonar og næringslivsrepresentantar, med fokus på innovative partnerskap for global mineinnsats. Norsk Folkehjelp og Yara deltok frå norsk side.

Ministtermøte i gjevarlandsgruppa for Palestina

Utanriksminister Brende leidde eit ministtermøte i gjevarlandsgruppa for Palestina (AHLC) i FN. FNs visegeneralsekretær Jeffrey Feltman var vert for møtet, medan utanriksminister Kerry og høgrerepresentant Federica Mogherini var medvertar. Målet var å styrkje det økonomiske samarbeidet mellom Israel og Den palestinske sjølvstyresmakta (PA) og betre den palestinske økonomien. Ministtermøtet var prega av uro for ein stadig svekt palestinsk økonomi. Gjennom dei siste åra er budsjettstøtta til PA vorten kraftig redusert. Det vart også streka under frå fleire hald at den største hindringa for økonomisk vekst i Palestina er dei avgrensingane som Israel legg på økonomisk aktivitet. Samstundes var det òg nokre lyspunkt. Her kan særleg nemnast elektrisitetsavtalen mellom Israel og PA, som er eit døme på at partane er i stand til å finne gode løysingar på det økonomiske området. Økonomisk utvikling kan likevel ikkje erstatte ei politisk løysing, og alle talarane peikte på kor viktig det er å ta opp att prosessen for å få til ei tostatsløysing. I møtet var det semje om at partane skulle utarbeide ein plan for fellesprosjekt og gjennomføring av avtalar som var inngått tidlegare. Denne planen skulle leggjast fram på neste AHLC-møte våren etter.

EAT-forum

EAT-forumet heldt den tredje konferansen sin under høgnivåveka i New York. Tema for konferansen var korleis byar kan medverke til eit snøggar skifte mot ei sunnare og meir berekraftig framtid. Møtet vart opna av David Nabarro, som er FNs spesialrådgjevar for berekraftsmåla, og EATs frontfigur Gunhild Stordalen. Utanriksminister Brende heldt hovudinnlegget. Han sette mat og ernæring i samanheng med dei store, globale utfordringane vi står overfor, og gav honnør til den jobben EAT og Stordalen har gjort etter at prosjektet vart lansert. Arrangementet vart avslutta med eit panel som sette fokus på rolla til næringslivet og lokale løysingar.

Boks 2.1 FNs generalforsamling

Generalforsamlinga er skipa gjennom FN-pakta, og det er FN-pakta som definerer mandatet og verkemåten til forsamlinga. I utgangspunktet kan Generalforsamlinga drøfte alle saker som høyrer inn under pakta. Alle medlemslanda i FN er representerte i Generalforsamlinga, og kvart land har éi røyst.

Dei fleste sakene vert drøfta i éin av dei seks faste komiteane i Generalforsamlinga. Desse dekkjer ulike tematiske område og funksjonar. Det er i komiteane arbeidet med å fremje framlegg, drøfte saker og forhandle resolusjonar i hovudsak går føre seg. Etter behandling i komiteane vert resolusjonane òg formelt vedtekne i plenum i Generalforsamlinga, og som oftast skjer dette utan ytterlegare debatt. Visse saker

vert behandla direkte i plenum utan å ha vore gjennom ein komité først. Ein del resolusjonar vert vedtekne ved konsensus, medan andre vert røysta over. Komiteane har ulik tradisjon og praksis når det gjeld bruk av avrøystingar, til dømes vert det røysta over dei fleste resolusjonane i 1. komité om internasjonal fred og tryggleik, medan i 5. komité om budsjettspørsmål og 6. komité om rettslege spørsmål vert alle resolusjonar vedtekne ved konsensus.

Resolusjonane som vert vedtekne i Generalforsamlinga, er ikkje juridisk bindande for medlemslanda, men er politisk viktige fordi Generalforsamlinga representerer røysta til verdssamfunnet.

2.4 Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik)

Komiteen arbeider med internasjonal fred og tryggleik, og særleg nedrusting og ikkjepreiging. I denne sesjonen vedtok komiteen 68 resolusjonar og andre avgjerder. Noreg heldt innlegg under generaldebatten og i dei tematiske debattane i komiteen, mellom anna innlegg i den tematiske debatten om kjernefysiske våpen og debatten om konvensjonelle våpen. Noreg var òg tilslutta fleire innlegg saman med andre land, mellom anna eit nordisk innlegg i debatten om kjernefysisk nedrusting. Vi var tilslutta fleire røysteforklaringar om resolusjonar som er prinsipielt viktige for Noreg, og teikna oss som medframleggsstillarar for ei rekkje resolusjonar.

Arbeidet i komiteen var prega av polarisering som følgje av eit internasjonalt spenningsnivå som generelt er vorte høgare. Innlegga i generaldebatten og dei tematiske debattane, saman med talet på røysteforklaringar, speglar att dei mange motsetnadene blant medlemslanda når det gjeld nedrusting. Som i føregåande år var tendensen at stadig færre resolusjonar vert vedtekne ved konsensus. Dette svekkjer sjansane for å oppnå samlande løysingar på viktige utfordringar når det gjeld nedrusting og ikkjepreiging.

Målet om ei verd fri for kjernevåpen er noko som dei fleste landa deler, medan det er stor usemje om korleis det er realistisk å nå dette målet. I desse spørsmåla baserte Noreg seg på stortingsvedtaket av 26. april 2016, der Stortinget

ber regjeringa arbeide aktivt for ei verd som er fri for atomvåpen, og medverke til at forpliktingane i ikkjepreingsavtalen (NPT) vert gjennomførte, ta på seg ei aktiv rolle som pådrivar for ikkjepreiging og for nedrusting med sikte på ei balansert, gjensidig, irreversibel og verifiserbar avskaffing av atomvåpen, og på dette grunnlaget arbeide langsiktig for eit rettsleg bindande rammeverk for å sikre at dette målet vert nådd.

Som eit ledd i arbeidet for å følgje opp stortingsvedtaket fremja Noreg ein resolusjon om verifikasjon av kjernefysisk nedrusting. Truverdige verifikasjonsmekanismar vil vere avgjerande i alle nedrustingsavtalar. Resolusjonen fekk brei oppslutning og vart vedteken med 177 røyster, og sju land avstod frå å røyste. Ingen land røysta imot resolusjonen som heilskap, og han vart oppfatta som samlande. Ved avslutninga av sesjonen peikte formannen for komiteen på verifikasjonsresolusjonen som eit av dei viktigaste resultatane frå sesjonen.

Komiteen røysta òg over ein resolusjon om å innleie forhandlingar om eit forbod mot kjernevåpen alt i 2017 med sikte på eit forbod så snart som mogleg. I den endelege avrøystinga i Generalforsamlinga 23. desember fekk resolusjonen støtte frå 113 land. 35 land stemte imot resolusjonen. 27 NATO-land, inkludert Noreg, var blant desse. Ingen av kjernevåpenstatane røysta for. Noreg arbeider langsiktig for eit rettsleg bindande rammeverk på grunnlag av ei balansert, gjensidig, irreversibel og verifiserbar avskaffing av kjernevåpen. Ein føresetnad for dette er at også kjernevåpenstatane er med i prosessen. I resolusjonen

som vart lagd fram i FN, var føremålet å innføre eit forbod for ein rustar ned. Dersom ein startar med forbod, får ein ikkje kjernevåpenstatane med seg. Innhaldet i resolusjonane var ikkje i tråd med sekvenseringa i stortingsvedtaket, og eit slikt forbod ville ikkje vere ei realistisk tilnærming for å få fart på nedrustingsprosessen. Vidare var det avgjerande for Noreg å velje ei tilnærming i tråd med NATO-forpliktingane våre. Alliansen har som grunnleggjande føresetnad at så lenge det eksisterer atomvåpen, så vil NATO ha slike våpen.

Noreg uttrykte støtte til minekonvensjonen og klasevåpenkonvensjonen, som har medverka til å etablere ei internasjonal norm om ikkje-bruk av desse våpena, og som vert etterlevd, òg av land som ikkje har slutta seg til konvensjonane. Minekonvensjonen er no ratifisert av over 150 land. Konvensjonen om klasevåpen har 100 statspartar. Noreg og fleire andre land gav òg uttrykk for sterk støtte til den internasjonale våpenhandelsavtalen (ATT). Noreg gjorde òg ein aktiv innsats for å få vedteke resolusjonen om kvinner, nedrusting, ikkjespreiing og rustingskontroll. Denne resolusjonen er ei oppfølging av tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik.

Komiteen behandla òg saker som gjeld kjemiske og biologiske våpen, tiltak for å hindre eit våpenkappløp i det ytre verdsrommet, og cyberspørsmål. Også dette året var forhandlingane om resolusjonen om kjemivåpenkonvensjonen særskild vanskelege, på grunn av usemje om omtalen av bruken av kjemiske stridsmiddel i Syria. Denne resolusjonen, som før vart vedteken ved konsensus, vart teken til avrøysting, på same måte som året før. På den positive sida vart resolusjonen om biologivåpenkonvensjonen vedteken utan votering. Dei fleste landa uttrykte frustrasjon over den fastlåste situasjonen i nedrustingskonferansen og eit generelt dysfunksjonelt nedrustingsmaskineri. Det er likevel vanskeleg å sjå korleis medlemslanda vil kunne bli samde om konkrete reformer for å få maskineriet på rett kjø.

2.5 Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske spørsmål og berekraftig utvikling)

2. komité arbeider med heile spekteret av utviklingsagendaen til FN. Det viktigaste i denne sesjonen var arbeidet med ein omfattande rammeresolusjon om utviklingsaktivitetane til FN (*Quadrennial Comprehensive Policy Review – QCPR*), som kjem opp kvart fjerde år. Ettersom 2030-agendaen og berekraftsmåla var vortne ved-

tekte sidan førre gongen, knytte det seg mykje spenning til desse forhandlingane.

Arbeidet i komiteen var generelt prega av betre forhandlingsklima, langt betre tidsstyring og etterleving av fristar enn året før, men komiteen behandlar framleis for mange resolusjonar, og ikkje alle er like relevante. Det knytte seg mykje usemje til frekvensen av framtidige resolusjonar.

Dei fleste resolusjonane vart vedtekte ved konsensus, slik det er vanleg i denne komiteen. Det finst ei handfull unntak: Det vart røysta over to resolusjonar knytte til konflikten mellom Israel og Palestina, éin om ein ny økonomisk verdsorden og éin om entreprenørskap (kontroversiell berre fordi han vart lagd fram av Israel). Agenda 21-resolusjonen om oppfølging av konferansane om berekraftig utvikling gjekk òg til votering for første gong, medan det med eit naudskrik vart semje om resolusjonen om finansiering for utvikling.

I plenumsdebattane i komiteen heldt Noreg eitt hovudinnlegg og tre tematiske innlegg om høvesvis utviklingsaktivitetane til FN, berekraftig utvikling og finansiering for utvikling. Det norske hovudinnlegget fokuserte på oppfølging av 2030-agendaen og berekraftsmåla, både på Noreg sine eigne prioriteringar nasjonalt og internasjonalt, og på korleis FN-innsatsen bør fokuserast for å støtte best mogleg opp om gjennomføringa i landa.

Forhandlingane om den fireårige rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane til FN var krevjande. Noreg arbeidde for at FN skulle få ei tydelegare rolle i oppfølginga av 2030-agendaen i ulike landsituasjonar, men G77 var ikkje innstilt på slike reformer. Det var likevel mogleg å få inn forventningar til samarbeid mellom utviklingsaktørar og humanitære aktørar i langvarige kriser. Samanhengen mellom fredsbygging og utvikling vert òg lagd vekt på.

Rammeresolusjonen inneheld viktige og klare forventningar til betringar i systemet. I tillegg vert den nye generalsekretæren beden om å leggje fram ytterlegare framlegg til reformer. Noreg fekk dessutan inn gjennomgåande språk om menneskerettar og likestilling, integrerte tilnærmingar, resultatbasert styring, samordna innsats på landnivå, betringar i det stadlege koordinatorsystemet og harmonisering og forenkling av administrative prosedyrar.

Ein resolusjon om å avgrense ulovleg kapitalflyt vart lagd fram for første gong, etter initiativ frå Nigeria. Kompliserte spørsmål, steile posisjonar, upløgd mark og uvilje hjå visse land til å diskutere sakskomplekset førte til vanskelege forhandlingar,

men gav rom for ei norsk brubyggjarrolle i elles vanskelege forhandlingar. Noreg støtta Nigeria i ønsket om ein tekst som omfatta både korrupsjon, skattesvik og tilbakeføring av stolne midlar, og denne støtta førte fram. Resultatet sikrar at ulovleg kapitalflukt vert eit tema i den vidare oppfølginga av både 2030-agendaen og finansiering for utviklingsagendaen, og at spørsmålet vil bli teke opp att i 2. komité hausten 2017.

Forhandlingane om resolusjonen om det internasjonale finanssystemet vart til dels ein omkamp om likestilling og kvinner si rolle i resolusjonen frå i fjor. I resolusjonen om berekraftig gjeld var det mest strid om nye initiativ for gjeldslette. Ved fleire høve hadde Noreg rolla som brubyggjar mellom kreditorland og G77, noko som fungerte godt.

Forhandlingane om oppfølging av internasjonale konferansar var vanskelege. Etter at det vart skipa egne dedikerte forum for oppfølging, er det usemje om kva rolle 2. komité skal ha.

Det knytte seg stor interesse til den toårige resolusjonen om migrasjon og utvikling. Noreg arbeidde mellom anna for å framheve statane sitt ansvar for å ta imot egne borgarar som returnerer til heimlandet.

Blant dei mindre kontroversielle resolusjonane var energiresolusjonen, der Noreg mellom anna medverka til å styrkje kjønnspektivet i teksten, og resolusjonen om førebygging av naturkatastrofar.

2.6 Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)

Øg i 2016 viste Noreg seg som ein tydeleg og aktiv menneskerettsaktør under haustsesjonen i 3. komité. Noreg leidde ingen resolusjonsforhandlingar, men markerte seg like fullt som tydeleg. Noreg heldt innlegg i fleire av generaldebattane og i svært mange interaktive dialogar, både tematiske og landspesifikke. I tillegg deltok Noreg på fleire sidearrangement og, ikkje minst, var aktivt med i sentrale resolusjonsforhandlingar. I sesjonen i år la Noreg igjen vekt på samarbeid og koordinering med likesinna land, og samstundes på å søkje tverregionale alliansar der dette er mogleg. I dei mange likestillingsrelaterte resolusjonane gjekk Noreg aktivt inn for vern og fremjing av seksuell og reproduktiv helse og rettar og av like økonomiske rettar for kvinner.

Overordna sett var det ein konstruktiv sesjon. Talet på resolusjonar går framleis noko ned, delvis

som følgje av freistnadene på å betre arbeidsmetodane i komiteen. 50 resolusjonar vart vedtekne i denne sesjonen, 16 av dei ved avrøysting. Dette er fleire enn før, og er ein indikasjon på at motsetnadene ofte er store. Samstundes var usemja først og fremst konsentrert om dei resolusjonane som det vart røysta over. Dei andre resolusjonane var prega av eit litt mindre motsetnadsfylt forhandlingsklima.

Dei mest kontroversielle diskusjonane var i stor grad knytte til spørsmålet om seksuell orientering og kjønnsidentitet, og LHBT-personar sin rett til ikkje-diskriminering var eit svært omstridd tema i komiteen. I denne sesjonen var det òg resolusjonar med eksplisitte referansar til tematikken. Det var ikkje mogleg å få desse inn i konsensusbaserte tekstar, men dei fekk støtte av eit fleirtal av medlemslanda.

Noreg prioriterte spesielt å engasjere seg i resolusjonen om rapporten frå FNs menneskerettsråd. Her var det særleg viktig å verne mandatet til den uavhengige ekspertten som Menneskerettsrådet har oppnemnt for å motverke vald og diskriminering på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsidentitet. Kvinne- og likestillingsfokuserte resolusjonar om vald, kjønnskamfaring, fistula og menneskehandel var òg høgt prioritert. Det same var resolusjonane om rettane til barn, om moratorium på bruken av dødsstraff og om utanrettslege avrettingar.

Noreg deltok som før i kjernegruppa for resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Iran. Resolusjonen vart vedteken med klart større oppslutning enn ved den førre sesjonen. Noreg deltok òg aktivt i arbeidet med andre landspesifikke resolusjonar, om Nord-Korea, Syria og Krim-halvøya. Resolusjonen om Nord-Korea vart vedteken ved konsensus, og teksten viste også denne gongen til Den internasjonale straffedomstolen (ICC). Syria-resolusjonen vart teken til votering og fekk om lag den same oppslutninga som før, men vart sterkt prega av motsetnader mellom Iran og Saudi-Arabia, ettersom det var det sistnemnde landet som la fram resolusjonen. Resolusjonen om menneskerettssituasjonen på Krim-halvøya, som vart lagd fram av Ukraina, var omstridd på grunn av tilhøvet til Russland, men vart vedteken med eit klart fleirtal.

På vegner av dei nordiske landa var Noreg hovudframleggsstillar for årets resolusjon om kontoret til FNs høgkommissær for flyktningar. Resolusjonen fordømmer åtak på flyktningar, asylsøklarar og internt fordrevne, og oppmodar statane til å setje i verk tiltak for å sikre desse gruppene sin rett til vern. Resolusjonen var ferdig-

forhandla i Genève, men det vart behov for å arbeide bilateralt i New York på grunn av misnøye i samband med ein paragraf om statane sin suverene rett til sjølve å styre mottak av naudhjelp til eigne borgarar. Ein valde å ikkje opne forhandlingane igjen i New York, og resolusjonen vart vedteken ved konsensus, trass i at nokre delegasjonar tok avstand frå den aktuelle setninga i posisjonsforklaringar.

Saman med andre lukkast det for Noreg å få inn referansar til Den internasjonale kommisjonen for finansiering av utdanning i to av resolusjonane i 3. komité. På denne måten har alle medlemslanda i FN fått kjennskap til kommisjonen, og tilrådingane hans vert sette inn i eit breiare perspektiv saman med berekraftsmåla.

Noreg la òg vekt på å delta aktivt i forhandlingane om resolusjonane om rettane til urfolk, om retten til privatliv, om tvangsekteskap, om lesekunne og om religions- og trusfridom.

2.7 Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål)

Generalforsamlingas 4. komité har ansvaret for særskilte politiske spørsmål, mellom anna avkolonisering, palestinske flyktningar, menneskerettar, FNs fredsbevarande operasjonar og FNs spesielle politiske oppdrag. I tillegg finst det einskiltståande saker på dagsordenen til komiteen, til dømes radioaktiv stråling, informasjon og fredeleg bruk av det ytre rommet. Som tidlegare vart det røysta over svært mange resolusjonar og vedtak i komiteen.

Debatten om dei fredsbevarande operasjonane til FN er prega av at det til dels er stor avstand mellom landa i Den alliansefrie rørsla (NAM) og vestlege land når det gjeld korleis operasjonar bør utviklast vidare, i ein situasjon der tryggleiksutfordringane i mange land vert stadig meir krevjande og der det ofte ikkje finst ein fred å bevare. Dette gjeld særleg synet på bruk av makt, moderne teknologi og etterretning. Dette kom tydeleg fram under debatten i 4. komité. Vidareutvikling av samarbeidet mellom FN og regionale organisasjonar var derimot eit viktig tema som medlemslanda stod samla om, med afrikanske land som særlege pådrivarar for auka samarbeid mellom FN og Den afrikanske unionen, AU. Det var òg semje om at innsatsen for å verne sivile må aukast, mellom anna vern mot overgrep frå FN-personell, og at tryggleiken for FN-personell må styrkjast.

Mange afrikanske land tok til orde for meir robuste mandat for å løyse oppgåver som krev meir bruk av makt på taktisk nivå, mellom anna for å kjempe mot terror og verne sivile. Fleire afrikanske land var dessutan positive til bruk av moderne teknologi og etterretning. Mange av dei landa som stiller med størst bidrag i form av troppar, tok opp att kravet om eit reelt samarbeid med Tryggingrådet om utforming av mandata. På tvers av gruppene vart behovet for auka merksemd på førebygging, mekling og solide politiske prosessar trekt fram.

Frå norsk side vart det lagt vekt på at reformarbeidet må halde fram, og at det må fokuserast på førebygging av konflikt, behovet for betre samsvær mellom mandat og ressursar, og på sterkare vern av sivile, mellom anna gjennom auka bruk av moderne teknologi og etterretning. Noreg framheva òg politiet si sentrale rolle, kjønnsperspektivet og behovet for å inkludere kvinner i fredsprossar og -operasjonar, ansvaret vertslandet har for å samarbeide konstruktivt med FN, og kor viktig det er med partnerskap.

Resolusjonen om politiske operasjonar, FNs politiske oppdrag, vart vedteken utan avrøysting og med små endringar frå tidlegare. Noreg tok opp behovet for å betre den operasjonelle støtta til dei politiske operasjonane for å sikre at nye operasjonar kjem snøggare på plass. Dei politiske operasjonane til FN er sentrale i FN-arbeidet med førebygging, mekling og konfliktløysing, både internt i land og der det finst grenseoverskridande konfliktrar. Ei styrking og vidareutvikling av desse instrumenta er avgjerande for at FN skal kunne medverke til å vidareføre fred og tryggleik.

Debatten om Midtausten og behandlinga av dei einskilte resolusjonane følgde eit velkjent mønster. Det var mykje fokus på den økonomiske situasjonen til FN-organisasjonen for palestinske flyktningar (UNRWA), som framleis er krevjande. Som rapportør for arbeidsgruppa til FN om finansiering av UNRWA medverka Noreg til å synleggjere dei økonomiske utfordringane for UNRWA.

Under spørsmålet om avkolonisering og debatten om ikkje-sjølvestyrte territorium var det som i tidlegare år sterke motsetnader mellom Marokko og fleire afrikanske land i spørsmålet om Vest-Sahara. Voteringane følgde røystemønsteret frå tidlegare år.

Fleire tematiske resolusjonar, til dømes om det ytre rommet, radiologisk stråling og minetil-taka til FN, vart òg vedtekne.

2.8 Generalforsamlingas 5. komité (budsjett og administrative spørsmål)

FNs 5. komité vedtek det ordinære budsjettet til FN og tek avgjerder i administrative og organisatoriske spørsmål. Dette omfattar òg budsjettet til sekretariatet og budsjetta til dei fredsbevarande og dei politiske operasjonane. Komiteen behandlar dessutan alle spørsmål som er knytte til finansiering, investering og personalressursar, medrekna arbeidsføresegner og løn og ytingar til dei tilsette. FN-budsjetta er toårige, og difor var det ingen budsjettbehandlingar denne hausten, bortsett frå budsjetta til dei politiske operasjonane som vert justerte kvart år. Trass i dette vedtok komiteen 20 resolusjonar, medrekna budsjetta til 36 spesielle politiske operasjonar. Praksis er at komiteen vedtek alle resolusjonar ved konsensus.

Denne sesjonen i FNs 5. komité viste tydelege teikn på at det kan ventast endringar i det politiske forhandlingsklimaet i komiteen framover. Kina, som inntil nyleg har vore ein relativt passiv deltakar i dei opne forhandlingane, er vorte medviten om rolla si som den tredje største bidragsytaren til det ordinære budsjettet til FN og den nest største til dei fredsbevarande operasjonane. Dette innebar at Kina var mykje tydelegare i prioriteringane sine i forhandlingane, særleg når det galdt dei politiske operasjonane til FN, og dette medverka til å endre dynamikken i forhandlingane.

Tradisjonelt følgjer 5. komité eit mønster der G77 og Kina står mot ei gruppe av likesinna land, der EU, USA og Japan er med. Saman med nokre få andre land, som Sveits, Mexico, Tyrkia, Canada, Australia og New Zealand, spelar Noreg ei friare rolle overfor dei to store grupperingane. Noreg og desse landa samarbeider dessutan seg imellom frå sak til sak. Komiteen klarte ikkje å nå fram til konsensus. Difor vart det avrøysting om finansiering av nokre saker frå Menneskerettsrådet, noko som gav fleirtal for det norske synet i alle sakene.

Noreg la vekt på behovet for å kome til semje om nye operative og finansielle rammevilkår for dei politiske operasjonane. Dette er ei sak som har vore uteståande i 5. komité i lengre tid, og som er til hinder for reform av det fredsbevarande og fredsbyggjande arbeidet til FN. Finansiering av den nye operasjonen i Colombia vart òg behandla i det norske innlegget.

Under hovudsesjonen var det fleire vanskelege og kompliserte saker der det var krevjande å få gjennomslag for norske prioriteringar. Det vart inga løysing på spørsmålet om ein separat konto

for budsjettet til politiske operasjonar og lik tilgang til operativ støtte, slik det er for dei fredsbevarande operasjonane. Denne saka er framleis fastlåst. Noreg jobba målretta for å få støtte for at FNs høgkommissær for menneskerettar skal gjennomføre ei desentraliseringsreform. Denne gongen jobba Noreg med ei rekkje latinamerikanske land, i tillegg til EU, USA og dei andre landa som Noreg normalt samarbeider med på dette området. Ei anna sak på dagsordenen der Noreg spelte ei svært aktiv rolle, var å få til eit vedtak om at sekretariatet skal bidra finansielt til det stadlege koordinatorsystemet til FN. Heller ikkje her kom komiteen til fram til semje, og saka vart utsett for tredje gong.

Ei sak der Noreg hadde stor innverknad og der utfallet vart svært positivt, var vedtaka om dei politiske operasjonane i Colombia og på Kypros.

Komiteen vart òg samd om ei rekkje andre saker. Blant desse kan nemnast nye reglar for personalforvalting, nye reglar for arbeidsrett, mellombels tilsetjingar og oppseiingar og støtte til ei ombudsordning for tilsette i FN.

2.9 Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål)

6. komité behandlar folkerettslege spørsmål. Han tek mellom anna opp saker som gjeld straffansvar for FN-tilsette, fremjing av rettsstaten, universaljurisdiksjon, terrorisme og internasjonal humanitærrett. Komiteen går òg gjennom dei årlege rapportane til FNs folkerettskommisjon.

Under sesjonen i 6. komité i år vart det i alt behandla 27 saker og vedteke 25 resolusjonar, alle ved konsensus. Noreg heldt innlegg om internasjonal terrorisme, universaljurisdiksjon, straffansvar for FN-tilsette, statsansvar og dessutan innlegg om ulike tema som er behandla i den årlege rapporten til Folkerettskommisjonen. Fleire av desse innlegga vart haldne på vegner av dei nordiske landa. Noreg leidde resolusjonsforhandlingane om tilleggsprotokollane til Genèvekonvensjonane på vegner av dei nordiske landa.

Komitéarbeidet var gjennomgåande polarisert og arbeidskrevjande. Ei rekkje tema som før har vore ukontroversielle og nokså enkle, førte no til omfattande debatt.

Det var vanskelege diskusjonar om Folkerettskommisjonen sitt utkast til artikkel om statsansvar for brot på folkeretten. Fleire ønskjer å arbeide for ein traktat. Andre, mellom anna dei nordiske landa, er skeptiske, og meiner at tida ikkje er inne for å innleie konvensjonsforhandlingar om dette

temaet no. Dei nordiske landa er godt nøgde med innhaldet i artiklane, men er uroa over at ein traktatprosess no kan svekkje oppslutninga om artiklane. Det vil vere betre å styrkje den sedvanerettslege statusen deira før det vert innleidd konvensjonsforhandlingar. Som del av ei kompromissløyising vart generalsekretæren beden om å informere om ulike prosedyreopsjonar for utvikling av artiklane. Det var positivt at punktet om straffansvar for FN-tilsette hadde framgang og vart vidareført frå i fjor, då dette punktet har vore ein hovudprioritet for Noreg. Særleg viktig var oppmodinga til generalsekretæren om å utarbeide ein tabell over kva kompetanse statane har til å straffeforfølgje eigne borgarar på FN-opppdrag, be om jamlege oppdateringar frå statar som har sett i verk etterforsking og gje ei oversikt over dei retningslinjene FN har for å overføre og følgje opp saker.

Debatten om universaljurisdiksjon (høve til å straffeforfølgje handlingar som har funne stad utanfor landet, av utlendingar mot utlendingar) gjekk føre seg langs linjer som etter kvart er godt kjende. Det var brei semje om at universaljurisdiksjon er ein viktig mekanisme for å hindre straffridom for dei grovaste kategoriane av brotsverk. Diskusjonen var ikkje knytt til eksistensen av prinsippet, men til omfanget og bruken av det.

Det var òg framgang i arbeidet med å utarbeide ein heilskapleg terrorkonvensjon, sjølv om dette går seint og det framleis er usikkert om det vil føre fram. Den nordiske resolusjonen om Genève-konvensjonens tilleggssprotokollar og humanitærrettslege prinsipp (som i år var koordinert av Noreg) vart utsett for harde åtak frå visse statar. I lys av den krevjande forhandlingssituasjonen var sluttresultatet likevel tilfredsstillande.

2.10 Saker som har gått direkte i plenum i Generalforsamlinga

Kvart år er det nokre resolusjonar som går direkte i Generalforsamlinga, utan først å ha vore til behandling i nokon av komiteane.

Resolusjonen om revitalisering av Generalforsamlinga, som vert drøfta årleg, vert vedteken direkte i plenum. Ei såkalla *ad hoc*-gruppe forhandlar fram resolusjonen som dekkjer same hovudtema, men som likevel har heilt ulikt fokus kvart år. I 2015 var det valet av ny generalsekretær som medlemslanda var opptekne av. I 2016 var det særleg kontoret til presidenten for Generalforsamlinga som stod i fokus. Resolusjonen med nye reglar for oversikt over og innsyn i korleis

kontoret forvaltar midlar, fører rekneskap og driv reiseverksemd vart vedteken ved konsensus. Det vart òg vedteke ein tekst som kvar ny president skal takast i eid med.

Resolusjonen om krav om oppheving av USAs handelsblokade mot Cuba har vore ei årleg tilbakevendande sak i Generalforsamlinga. Dette er den resolusjonen i Generalforsamlinga som får flest ja-røyster gjennom sesjonen. I 2016 var det 25. gongen at resolusjonen var oppe til vurdering. Denne gongen røysta USA avhaldande og fekk også med seg Israel, noko som innebar at ingen røysta imot. Det kom som ei overrasking då den amerikanske FN-ambassadøren annonserte frå talarstolen at USA ville endre røysta si. På mange måtar var dette ein naturleg konsekvens av dei stega som Obama-administrasjonen har teke i retning av eit opnare tilhøve til Cuba, og av den amerikanske presidenten si vitjing på Cuba i mars 2016.

Noreg har halde ein høg profil i dei mange havrettsprosessane som har funne stad i 2016, og som alle går føre seg direkte i Generalforsamlinga. Det var første gongen Noreg koordinerte forhandlingane om den årlege fiskeriresolusjonen. Resolusjonen vart styrkt på ei rekkje viktige område, med formuleringar mellom anna om å gripe inn overfor statslause skip på ope hav, berekraftig botnfiske og arbeidsvilkår til sjøs. Noreg la fram tekstframlegg både til havretts- og fiskeriresolusjonane, og støtta initiativ frå andre land på prioriterte område som havforureining, plast og mikroplast, kampen mot faunakriminalitet, mellom anna fiskerikriminalitet, mattryggleik og småskalafiske. Noreg fekk gjennomslag for fleire framlegg, men møtte òg motstand på nokre område. Under forhandlingane var det ei mindre gruppe av statar som gjorde framlegg for å prøve å uthole omtalen av havrettskonvensjonen som den overordna rettslege ramma for all utøving av aktivitet i havet, noko som er eit svært sentralt element i konvensjonen for Noreg. Men framlegga vart avviste av ei brei gruppe likesinna statar. Det vart røysta over havrettsresolusjonen, og som før var det berre Tyrkia som røysta imot. Fiskeriresolusjonen vart vedteken ved konsensus.

Det vart lagt ned mykje arbeid i å medverke til å førebu havkonferansen, som vert arrangert av Fiji og Sverige sommaren 2017 om gjennomføringa av berekraftsmål 14 om hav, mellom anna om bevaring og berekraftig bruk av hav, sjø og marine ressursar.

Generalforsamlinga vedtok i juni 2015 å utarbeide ein folkerettsleg avtale under FNs havrettskonvensjon om vern og berekraftig bruk av

marint naturmangfald i havområde utanfor nasjonal jurisdiksjon. Generalforsamlinga oppnemnde ein førebuarande komité som skal førebu forhandlingane ved å kome med tilrådingar til element i ein ny avtale. Komiteen møttest to gonger i 2016 og skal møtast to gonger i 2017 før han skal kome med tilrådingar til Generalforsamlinga innan utgangen av 2017. Den nye avtalen skal mellom anna regulere tilgangen til og fordelinga av goda frå marine genetiske ressursar, bruk av marine verneområde og konsekvensutgreiingar. Det er lagt opp til at Generalforsamlinga skal ta ei avgjerd om skipe til ein diplomatkonferanse innan utgangen av den 72. sesjonen i Generalforsamlinga, det vil seie innan hausten 2018. Forhandlingane gjev høve til å utvikle ein ny avtale for å fremje ei heilskapleg og vitskapeleg havforvaltning og styrkje dei folkerettslege rammene for vern, kombinert med berekraftig bruk av dei internasjonale havområda. Avtalen kan leggje til rette for vidare verdiskaping gjennom ressursutnytting og skipsfart, og samstundes medverke til å styrkje miljøforvaltninga. Dette er viktig for dei breie norske havinteressene.

Generalforsamlinga vedtok òg å innføre ein internasjonal mekanisme for innhenting og oppbevaring av prov på internasjonale brotsverk i Syria. Noreg var éin av over 52 medframleggsstilarar til resolusjonen som innførte mekanismen.

Noreg har i lang tid halde ein høg profil i forhandlingane i Generalforsamlinga om FN-arbeidet mot terrorisme og valdeleg ekstremisme. Arbeidet for at FN blir ein hovudaktør på dette feltet har vore høgt prioritert av Noreg. Noreg har støtta opp om den globale antiterrorstrategien til FN, som vart vedteken i 2005, og har gjeve både politisk og økonomisk støtte til FN-arbeid med å gjennomføre strategien. I den siste tida har Noreg lagt særleg vekt på generalsekretæren sin handlingsplan frå

2016 mot valdeleg ekstremisme og restrukturering av FNs antiterroroppsett. Med tida er Noreg vorten ein av hovudaktørane i FN på dette området, og har saman med Jordan skipa ei uformell venegruppe for å støtte opp om den globale antiterrorstrategien til FN.

Noreg har teke aktivt del i diskusjonar om fremjing av internasjonal strafferett. Delegasjonen har leidd Den internasjonale straffedomstolen (ICC) si arbeidsgruppe for regelendringar, som har mandat til å behandle framlegg til endringar av straffe- og prosedyrereglane til ICC.

Generalforsamlinga vedtok samrøystes resolusjonen om tiltak for å hindre seksuelle overgrep utført av FN-personell. Resolusjonen var delvis eit svar på ein tilsvarende resolusjon som vart vedteken av Tryggingrådet i FN i 2016, og signaliserer at medlemslanda står samla om støtte til denne innsatsen.

Den generelle «omnibus»-resolusjonen om humanitære spørsmål vart òg vedteken kvart år i plenum i generalforsamlinga i FN, etter først å ha vore forhandla om blant medlemslanda. Forhandlingane vart førebudde av Sverige. Det var gjort eit godt arbeid med å innarbeide ein ny ordlyd frå Verdas humanitære toppmøte, *Grand Bargain*-prosessen og New York-fråsegna om flukt og migrasjon, noko som gav forhandlingane eit godt utgangspunkt. Frå norsk side var det viktig å verne denne ordlyden, og å prioritere klarare referansar til viktige element som utdanning i humanitær innsats og vern av skolar. Noreg var òg oppteken av å innarbeide konkrete formuleringar om behovet for betre koplingar mellom humanitær bistand og utvikling, og at FN-systemet må arbeide meir samordna for å førebyggje og redusere humanitære behov. Resolusjonen vart vedteken ved konsensus. Noreg var medframleggsstilar saman med 82 andre land, 20 fleire enn før.

3 Tryggingrådet

Konfliktane i Syria, Sør-Sudan, Burundi, Libya, Israel og Palestina prega dagsordenen til Tryggingrådet og hausten 2016. Tryggingrådet var prega av eit kjøleg tilhøve mellom Russland og vestlege land. Trass i dette klarte Tryggingrådet å semjast på viktige område, mellom anna om støtte til fredsprosessen i Colombia, tiltak mot internasjonal terrorisme og val av Guterres som ny generalsekretær.

Midtausten står sentralt på dagsordenen til Tryggingrådet. Rådet møttest 50 gonger i konsultasjonar om Syria i 2016, det vil i praksis seie kvar veke. I desse møta fokuserte Rådet på den politiske og humanitære situasjonen i landet, og på prosessen i samband med fjerning av kjemiske våpen frå Syria. Tonen var uforsonleg mellom USA og Russland i mange av desse møta, men Rådet fekk vedteke to Syria-resolusjonar mot slutten av 2016. Den eine handla om å gje humanitære aktørar tilgang til naudlidande i Syria, og den andre handla om våpenkvila som kom på plass i nyttårshelga. Noreg var medframleggsstillar for begge resolusjonane.

Vest-Sahara-konflikten vart diskutert 18 gonger i dei lukka konsultasjonane i Rådet. Det vart halde 14 møte der fredsprosessen i Midtausten var temaet. Det var stor grad av semje om fredsprosessen i Tryggingrådet, og mot slutten av året vedtok Rådet resolusjon 2334, som mellom anna fordømer israelske busetjingar, utan at USA la ned veto.

Menneskerettssituasjonen i Nord-Korea vart også i 2016 sett på dagsordenen både i Tryggingrådet og i 3. komité. Noreg deltok aktivt i forhandlingane om og var medframleggsstillar til ein ny resolusjon om menneskerettssituasjonen i Nord-Korea, som vart vedteken 15. november 2016. Det var første gongen denne resolusjonen vart vedteken utan votering. Noreg heldt òg innlegg om situasjonen i Nord-Korea i interaktiv dialog med spesialrapportøren for Nord-Korea i 3. komité 27. oktober. Her understreka Noreg at vi er svært urolege over dei omfattande og systematiske menneskerettsovergropa i landet, og at vi støttar FN's arbeid. Noreg oppmoda òg Nord-Korea til å følgje opp dei internasjonale forpliktingane sine i samarbeid med FN.

Etter at Tryggingrådet samrøystes hadde vedteke ein FN-operasjon for verifikasjon og overvaking av fredsavtalen i Colombia i januar 2016, såg det ut til at Colombia skulle bli eit av dei viktigaste lyspunktane dette året. Men folkerøystinga i Colombia i oktober endra situasjonen og førte til eit brått stemningsskifte etter at eit fleirtal av folket forkasta fredsavtalen. Etter at ein ny avtale var på plass i november, kunne Tryggingrådet likevel til slutt vedta eit tilleggsmandat som gjev FN-observatørane konkrete oppgåver i medhald av avtalen.

Den årlege opne debatten i Tryggingrådet om kvinner, fred og tryggleik vart også i 2016 halde i oktober, denne gongen under russisk leiing. Frå Noreg deltok statssekretær Laila Bokhari. Ho heldt innlegg på vegner av dei fem nordiske landa, og la vekt på norsk og nordisk støtte til arbeidet med kvinner, fred og tryggleik, både heime og ute. Ho viste òg til at sjølv om det står att arbeid, er mykje oppnådd i dei siste åra, og nytta døme frå Colombia og Syria. Ho ønskte velkommen både den nye uformelle ekspertgruppa for kvinner, fred og tryggleik i Tryggingrådet og nettverket for nasjonale kontaktpunkt for 1325-agendaen. I innlegget sitt viste ho òg til det nordiske meklarnettverket, og til innsatsen for å få fleire kvinner til å gjere teneste i dei fredsbevarande operasjonane til FN. Noreg støttar aktivt opp om arbeidet for å sikre ei best mogleg gjennomføring av resolusjonane om kvinner, fred og tryggleik. Kjønnsperspektivet skal inkluderast på ein tverrgående måte i freds- og forsoningsarbeidet. Dei nordiske landa vil halde fram med å fremje kvinnene si rolle der det er diskusjonar om fred og tryggleik, og arbeide for kvinners deltaking i fredsmekling, fredsprosessar og fredsoperasjonar.

Det har vore halde fleire opne debattar om kampen mot terrorisme og valdeleg ekstremisme. Debattane har stort sett vore prega av eit verdsamfunn som står samla i kampen mot terror. Operative tiltak som har vore diskuterte, er grenseoverskridande samarbeid om etterforsking og påtale av terrorisme, utveksling av etterretning og ulike operative tiltak i samband med grense- og flypassasjerkontroll. Tiltak for å hindre finan-

siering av terrorisme, særleg av ISIL, har stått sentralt. Mange statar har òg streka under kor viktig det er å etterleve menneskerettane og dei grunnleggjande rettsstatsprinsippa i kampen mot terrorisme. Noreg har i tillegg streka under kor viktig det er å inkludere det sivile samfunnet, særleg ungdom og kvinner, som er katalysatorar i arbeidet med å førebyggje valdeleg ekstremisme og terrorisme.

Vern av barn i væpna konflikt vart framheva under den malaysiske presidentskapen i Tryggingsrådet i august 2016. Debattar i plenum har vore prega av tydeleg konsensus rundt mandatet til spesialrepresentanten og brei semje om sentrale spørsmål, mellom anna om respekt for folke-

retten i væpna konflikt og vern av helse- og utdanningsinstitusjonar i konfliktsituasjonar. Fleire land var opptekne av utfordringar i samband med ikkje-statlege aktørar og rekruttering av barn. Noreg har teke del gjennom nordiske innlegg og som medlem av venegruppa for vern av barn i væpna konflikt. Andre møte om vern, og særleg om ansvaret for å verne (R2P), har òg vore haldne i Generalforsamlinga i 2016. Vernetematikken vart teken vidare i 2017, no med Sverige som president for Tryggingsrådet si arbeidsgruppe om barn i væpna konflikt. Etter at Sverige vart valt inn i Tryggingsrådet til FN i juni 2016, har Noreg halde felles nordiske innlegg i ei rekkje opne debattar i Tryggingsrådet.

4 Styrking av FN, reform og aktørar

Reform av FN er eit krevjande og mødesamt arbeid, og prosessane er ofte langsame. Den største utfordringa er som oftast ikkje mangel på framlegg om korleis organisasjonen bør betrast, men heller at det er vanskeleg for dei 193 medlemslanda å bli samde om endringar, særleg der ulike geopolitiske eller økonomiske interesser står mot kvarandre. Dette er ein naturleg del av det multilaterale samarbeidet. Samstundes står FN-reform høgt på dagsordenen til mange av medlemslanda, og arbeidet har fått ein ny giv etter at Guterres vart generalsekretær ved årsskiftet. Det overordna målet til Guterres er å styrkje FN systemet si evne til å førebyggje og løyse konflikhtar på tvers av dei tre pilarane til FN, og å auke fleksibiliteten og betre resultata i felt. Generalsekretæren har innført ei tydelegare strategisk leiing i sekretariatet og engasjerer seg òg direkte i konfliktløysing i enkeltland, til dømes i Sør-Sudan og Syria. Guterres har lansert reformer innanfor fred og tryggleik, utvikling og leiing og administrasjon.

Under den 71. generalforsamlinga spelte Noreg ei aktiv rolle for å effektivisere og styrkje FN. Gjennom FN70-initiativet la Noreg, saman med Colombia, Etiopia, Ghana, Indonesia, Jordan, Mexico og New Zealand, fram tilrådingar til reform. FN70-landa, med utanriksminister Brende i spissen, hadde eit møte med den påtroppande generalsekretæren Guterres i november 2016, og overleverte ei omfattande liste med tilrådingar. Prioriteringane til Guterres er samanfallande med mange av tilrådingane til FN70-landa. FN70 vil vere ei viktig plattform for vidare dialog med generalsekretæren om dei ulike reforminitiativa.

I eit felles brev til Guterres frå desember 2016 oppmoda dei nordiske utanriksministrane den nye generalsekretæren til å reformere FN's pilar for fred og tryggleik, integrere menneskerettar og likestilling i den samla verksemda til FN, styrkje samordninga innanfor systemet og leggje vekt på administrative spørsmål.

Det har vore liten framgang i spørsmålet om å reformere samansetnaden av Tryggingrådet, og særleg om kva land som skal ha fast plass i Rådet. Dette er eit spørsmål som engasjerer mange land,

men der synspunkta i høg grad er ulike. Frå norsk side legg vi til grunn at Tryggingrådet vil tene på å få ein samansetnad som er meir i samsvar med makttilhøva i dag. Ikkje minst meiner Noreg at Afrika bør få ein sterkare representasjon.

ACT-gruppa (*Accountability, Coherence and Transparency Group*) har 26 medlemsland, mellom anna Noreg. Denne gruppa arbeider for ei meir open og ansvarleg haldning og større grad av innsyn i arbeidet til Tryggingrådet. I haust såg ein fruktene av gruppa sitt arbeid for eit meir ope val av ny generalsekretær. ACT følgde denne prosessen nøye og hadde felles innlegg og spørsmål under alle møte og høyringar i 2016. Sett med norske auge er det positivt at Sverige, som er valt som medlem i Tryggingrådet frå 2017, medverkar til ein ny og open praksis ved å sikre meir innsyn i den lukka delen av prosessane i arbeidet til Tryggingrådet.

Innanfor FN-arbeidet for internasjonal fred og tryggleik har Noreg spelt ei viktig rolle i å støtte det uavhengige panelet som la fram rapporten sin om fredsoperasjonane til FN i juni 2015. Saman med Etiopia og Sør-Korea har Noreg leidd ei uformell venegruppe for panelet, og dette har vore eit viktig forum for å samle støtte til tilrådingane til panelet. Frå norsk side har vi òg prioritert å styrkje FN si evne til å løyse og førebyggje konflikhtar. I tillegg har Noreg aktivt støtta *Human Rights Up Front*-initiativet.

Generalsekretæren og Kontoret for koordinering av utviklingsaktivitetane til FN rapporterer om framgang i arbeidet med reform og effektivisering av utviklingssystemet i FN. Det er framleis potensial for betringar, særleg i lys av dei forventningane som 2030-agendaen stiller til integrerte tilnærmingar. Måten FN vert finansiert på, med omfattande bruk av sterkt øyremerkt prosjektbistand, gjer det krevjande for utviklingssystemet i FN å følgje opp mange av forventningane til reform som er nedfelte i rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane til FN (QCPR). 57 land har no valt tilnærminga om å «levere som éin» for FN-arbeidet på landnivå.

Resolusjonen om revitalisering av Generalforsamlinga, som er ein årleg prosess, har medverka

til viktige gjennombrot for reform av hovudorgana til FN. I 2015, under den 69. sesjonen, vart det vedteke ein ny prosess for val av generalsekretær. Dette gjorde at sjølv utveljingsprosessen i 2016 vart meir open og inkluderande enn nokon gong på 70 år. Medlemslanda i Generalforsamlinga vart trekte aktivt inn i prosessen med å kome med framlegg til kandidatar og delta i opne høyringar. Kvalifikasjonane til kandidatane vart sette i fokus. Dette var ei viktig reform. Noreg tok aktivt del i prosessen, både politisk og finansielt, og dessutan ved å stille til rådvelde ein norsk diplomat som leidde arbeidet ved kontoret til presidenten for Generalforsamlinga.

Noreg har vore ein trufast støttespelar for FN sidan etableringa i 1945. Noreg er tent med eit sterkt FN og ein global orden tufta på multilateralt samarbeid og folkeretten. For å få gjennomslag for norske framlegg og posisjonar i FN er Noreg avhengig av samarbeid med andre land. Dei nordiske landa deler grunnleggjande verdiar og

interesser. Det nordiske FN-samarbeidet er difor viktig. At samarbeidsklimaet i FN i stor grad er prega av motsetnader mellom store og sterke geografiske blokkar, inneber at Noreg òg må søkje alliansar med viktige land i sør og på tvers av dei regionale grupperingane. FN70-prosjektet, som samla land på tvers av geografiske grupperingar, medverka til å setje FN-reform høgare på dagsordenen. Noreg vil halde fram med å arbeide for at FN skal bli ein meir effektiv og moderne organisasjon som er endå betre rusta til å møte dei mange utfordringane verda står overfor.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet 21. juni 2017 om Noregs deltaking i den 71. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) vert send Stortinget.

Vedlegg 1

Noregs prioriteringar til FNs 71. generalforsamling

FNs 71. generalforsamling vert innleidd med høgnivåveka frå 19. september. Den norske delegasjonen, som vert leidd av statsminister Erna Solberg, vil delta på svært mange bilaterale og multilaterale møte under høgnivåveka.

FNs plass i den norske utanrikspolitikken

Det fremste målet til utanrikspolitikken er å sikre og fremje norske interesser – våre verdier, vår tryggleik og vår velferd. FN er ein berebjelke i den norske utanrikspolitikken og spelar ei viktig rolle for å vareta desse interessene – innanfor folkerett, tryggingsspolitikk, utvikling, menneskerettar og humanitær innsats.

Vi står overfor ein meir utfordrande utanriks- og tryggingsspolitisk situasjon enn på lenge. Brot på folkeretten, krig og konflikt i nærområda til Europa har skapt store humanitære utfordringar og gjeve grobott for valdeleg ekstremisme og terrorisme som òg råkar Europa. Brutaliteten til ISIL og andre ekstremistar sjokkerer. Flyktning- og migrasjonsutfordringane er svært tyngjande for grannelanda til konfliktane, set det europeiske samarbeidet på prøve med det omfattande talet på asylsøkjjarar som kom i 2016, og påverkar Noreg direkte. Problema i verda har kome tettare inn på oss.

Samstundes ser vi positive utviklingstrekk. Fattigdommen i verda vert redusert, og stadig fleire menneske får tilgang til utdanning og helse-tenester. I 2015 lukkast det for FN å verte samd om ein global klimaavtale, universelle berekraftsmål og ein avtale om finansiering for utvikling. Atomavtalen med Iran, tilnærminga mellom Cuba og USA og den positive utviklinga i Colombia viser at målretta diplomati kan løyse opp i fastlåste konflikhtar.

FN har eit universelt mandat og ein samansett- nad og legitimitet som gjer det mogleg å finne felles løysingar på globale og tryggingsspolitiske utfordringar. Tryggingssrådet er øvste organet som det internasjonale samfunnet har for å vareta internasjonal fred og tryggleik. FN si evne til å løyse utfordringane i samtida vil bli styrkt gjennom eit stadig nærare samarbeid med regionale organisasjonar. I møtet med den krevjande utan-

rikspolitiske røynda i dag vil samarbeidet mellom Noreg og våre allierte i NATO og partnerane våre i EU stå sentralt.

Mandatet og den unike posisjonen til FN gjev verdsorganisasjonen eit særleg ansvar for å bidra til at tiår med framgang for demokrati, menneskerettar, utvikling og internasjonalt samarbeid ikkje vert driven tilbake. Samarbeid mellom land og etterleving av folkeretten skapar resultat og sikrar dei felles interessene til landa. Men FN, både som mellomstatleg arena og som aktør, må tilpasse seg ei verd med nye globale utfordringar og nye geopolitiske maktkonstellasjonar. FN må stadig reformerast for å vere relevant i ei verd i rivande utvikling. Vi må ta vare på den tryggingsspolitiske og folkerettslege arkitekturen som ligg føre – og oppdatere evna hans til å handtere utfordringane i det 21. hundreåret. Det er ønsket om å medverke aktivt til dette som ligg bak ambisjonen om at Noreg skal bli valt til medlem av Tryggingssrådet for perioden 2021–22.

I tillegg til at FN har *mandat* for å vareta fred og tryggleik og *styringsmakt* til å gjere vedtak som har bindande verknad for alle medlemslanda, gjer FN ein viktig *operativ innsats* innanfor fredsbevarande operasjonar, konfliktdiplomati, humanitært arbeid og utviklingsarbeid. Regjeringa er oppteken av å styrkje FN si evne til å opptre meir samordna og effektivt på landnivå, i tråd med forventningar om oppfølging av den nye berekraftsagendaen (2030-agendaen) og tilrådingane frå dei gjennomgangane som nyleg er gjorde av freds- og tryggingssarbeidet til FN. FN bør arbeide betre på tvers av pilarane sine. FNs generalsekretær har gjeve statsministeren ei leiande pådrivarrolle for 2030-agendaen. Ikkje minst er det naudsynt å styrkje FN si evne til å førebyggje og løyse konflikhtar og medverke til stabilisering og varig fred i land og regionar i sårbare situasjonar. For å oppnå dette trengst det eit politisk og økonomisk krafttak, noko som Noreg vil medverke til.

Frå norsk side held arbeidet fram for fullt når det gjeld reform og effektivisering av FN. Prosjektet *FN70: Ein ny dagsorden* er ei hovudbrikke i dette arbeidet. I dette prosjektet har Noreg gått saman med seks andre land frå ulike regionar

(Colombia, Etiopia, Ghana, Indonesia, Jordan og Mexico) om å utforme reformframlegg som skal leggjast fram for den nye generalsekretæren i FN hausten 2016.

Generalforsamlinga i FN i år – sentrale norske interesser og posisjonar

FNs generalforsamling er den største internasjonale møteplassen i verda og ein unik arena for å fremje norske interesser, internasjonalt samarbeid og posisjonar på spørsmål som er sentrale for Noreg.

Høgnivåveka under FNs 71. generalforsamling vert innleidd med toppmøtet om migrasjon 19. september. Generaldebatten startar 20. september og varar fram til 29. september. Den norske delegasjonen vil delta på ei rekkje bilaterale og multilaterale møte gjennom høgnivåveka.

Noreg vil arbeide for eit effektivt FN og for at organisasjonen skal medverke i ei global oppfølging av berekraftsmåla, der statsministeren er leiार for pådrivargruppa. Vi vil mellom anna ta del i arbeidet med å utrydde ekstrem fattigdom og arbeide for ei målmedviten styrking av sårbare statar, mellom anna ved å kjempe mot grobotten for valdeleg ekstremisme og storstilt økonomisk og sosial migrasjon. Vi vil òg ta del i det arbeidet organisasjonen gjer for å nå måla for utdanning, helse og likestilling, og for at FN skal styrkje varetakinga av fred og tryggleik, folkerett, menneskerettar og humanitære prinsipp. Regjeringa vil prioritere følgjande tema i og rundt dei formelle møta under Generalforsamlinga i år:

- *Flyktning- og migrasjonsutfordringane.* Dette er tema som vil stå i fokus på to toppmøte under høgnivåveka. Som ein av dei største gjevarane i verda av humanitær bistand og mottakar av svært mange kvoteflyktningar har Noreg ei viktig røyst på dette området. Frå norsk side vil vi, i tillegg til å medverke til å finne betre globale løysingar for å handtere dei store flyktning- og migrasjonsstraumane, òg ta til orde for at desse utfordringane må løysast gjennom å fokusere meir på dei grunnleggjande årsakene, til dømes fattigdom, manglande jobbskaping, dårleg styresett og korrupsjon. Med sitt unike mandat må FN trappe opp støtta si til sårbare statar. Dette vil mellom anna forebygge irregulær migrasjon. Noreg vil òg arbeide for at FN opptre samstemt og effektivt for å handtere den flyktning- og migrasjonskrisa vi har i dag.
- *Auka satsing på forebygging og løysing av konflikter og støtte til land i sårbare situasjonar.*

Dette medverkar til å dempe flyktning- og migrasjonsutfordringane. FN spelar ei stadig viktigare rolle i det internasjonale fredsdipomatiet, mellom anna i Midtausten og Nord-Afrika. Men dei verktøya som FN har på dette området, er mangelfulle, og alle FN-verktøy må takast i bruk og sjåast i samanheng. Noreg vil ta til orde for eit internasjonalt krafttak på dette området.

- *Vern av folkeretten og ein verdorden der rett går føre makt.* Aksepterte spelereglar er avgjerande for å kunne vareta menneskerettane og handtere ressursutnyttinga til havs, vern av naturmiljøet, luftfart, ein omfattande varehandel og digital samhandel, komplekse finans- og investeringsoperasjonar og grenseoverskridande rettshandheving i møte med internasjonale terrortruslar. Dette er særleg viktig i ei tid der grunnleggjande verdiar er under press.
- *Kamp mot terrorisme og valdeleg ekstremisme.* Frå norsk side vil vi medverke til å gjennomføre den globale antiterrorstrategien til FN. Kampen mot terror, radikalisering og valdeleg ekstremisme må trappast opp. Noreg vil arbeide for ei effektiv gjennomføring av generalsekretæren sin handlingsplan mot valdeleg ekstremisme.
- *Styrking av FNs operative evne på landnivå.* Noreg er oppteken av at tilrådingane frå ulike gjennomgangar av freds- og tryggingssarkitekturen til FN ikkje skal stoppe opp i overgangen til ny generalsekretær. Det er viktig at FN-sekretariatet styrkjer evna si til å drive effektive feltoperasjonar, og at ulike FN-aktørar samarbeider nært for å få best moglege resultat på bakken i desse landa. Ei styrking av samarbeidet mellom FN og regionale organisasjonar, til dømes Den afrikanske unionen (AU), er ein viktig del av oppfølginga av gjennomgangane av freds- og tryggingssarkitekturen til FN.
- *Styrking og effektivisering av utviklingssystemet til FN.* For å setje FN betre i stand til å hjelpe land i gjennomføringa av den nye berekraftsagendaen vil Noreg arbeide for at den neste fireårige rammeresolusjonen om den operasjonelle verksemda til FN legg tydelege føringar på kva utviklingssystemet til FN skal engasjere seg i, på grunnlag av dei særlege føremonene til dette systemet og i ulike typar landkontekstar, og likeins korleis dei mange utviklingsorganisasjonane i FN må samarbeide meir strategisk, effektivt og koordinert, mellom anna ved å styrkje rolla og autoriteten til dei stadlege FN-koordinatorane. Noreg ønskjer at utviklingssystemet til FN skal engasjere seg ster-

kare i sårbare situasjonar, og vil òg arbeide for å styrkje samarbeidet på tvers av FN-pilarane og med Verdsbanken.

- *Det humanitære arbeidet til FN.* I lys av store humanitære behov i mange av krisene i verda vil Noreg prioritere arbeidet for at det humanitære systemet til FN vert betre finansiert, meir effektivt og betre tilpassa dei utfordringane som vi står overfor. Noreg vil støtte opp om arbeidet for at det humanitære systemet til FN får fleire støttespelarar og samarbeidspartnarar, i tråd med tilrådingane frå det humanitære toppmøtet til FN.
- *Utdanning.* Utdanning har høgste prioritet i utviklingspolitikken til regjeringa – saman med helse, privat sektor, jobbskaping og humanitær innsats – med særleg fokus på læring og kvalitet, utdanning for jenter, utdanning i kriser og konflikt, yrkesfagleg opplæring og finansiering av utdanning. Regjeringa vil ta sikte på å nytte ulike arenaer, nettverk og relevante møte under høgnivåveka til å fremje den grunnleggjande verdien som relevant utdanning av god kvalitet har for sosial og økonomisk utvikling. Det skal leggjast særleg vekt på tilrådingane i rapporten frå Den internasjonale kommisjonen for finansiering av utdanning, som vert lansert 18. september.
- *Styrking av helsesystem.* Regjeringa vil nytte relevante møteplassar og arenaer under høgnivåveka til å understreke kor viktig det er å investere i helsesystemstyrking for å levere berekraftige basishelsetenester til kvinner, barn og ungdom.
- *Økonomisk utvikling.* Noreg skal fremje vekst, næringsutvikling, jobbskaping og godt styresett, og dessutan arbeid mot korrupsjon og kapitalflukt. Dette er naudsynt i kampen mot fattigdom. Utviklingslanda treng handel og nye marknader for å kunne vekse seg ut av fattigdommen. Den viktigaste vegen ut av fattigdom er å skape jobbar.
- *Nedrusting.* Noreg vil arbeide aktivt for ei verd som er fri for kjernevåpen og medverke til at forpliktingane i ikkjepreiingsavtalen (NPT) vert gjennomførte. Noreg vil vere ein pådrivar for ikkjepreiing og nedrusting med sikte på ei balansert, gjensidig, irreversibel og verifiserbar avskaffing av kjernevåpen, og på dette grunnlaget arbeide langsiktig for eit rettsleg bindande rammeverk som skal sikre at dette målet vert nådd. Den generelle tryggingsspolitiske utviklinga og situasjonen i Europa er krevjande, og difor er det viktig å fremje effektive tiltak for nedrusting. Verifikasjon av ned-

rusting vil verte prioritert høgt under Generalforsamlinga. Noreg vil arbeide for ei breiast mogleg oppslutning om kjemivåpenkonvensjonen og biologivåpenkonvensjonen.

Fred, tryggleik og land i sårbare situasjonar

Det er eit overordna mål for den norske FN-innsatsen at FN styrkjer evna si til å bevare internasjonal fred og tryggleik. Ambisjonen vår om ikkje-fast medlemskap i Tryggingrådet er grunngeven i eit ønske om å medverke til dette. Noreg vil trappe opp arbeidet sitt for å bli valt inn i Tryggingrådet for perioden 2021–22. Sjølve valet finn stad i 2020.

FN har ei hovudrolle når det gjeld å førebyggje og stoppe væpna konflikhtar og fremje langsiktig freds- og demokratibygging. Talet på statar som vert råka av samanbrot, lovløyse og porøse grenser har auka i dei siste åra, med store humanitære lidningar og flyktning- og migrasjonsstraumar som resultat. Desse utfordringane spreier seg ofte over landegrensene, og ei krise i eitt land kan destabilisere heile regionar. Heller ikkje utvikla land som Noreg er skjerma for konsekvensane. FN rår over eit breitt sett av verkemiddel for å støtte land i sårbare situasjonar, mellom anna tiltak mot globale trygging utfordringar, fredsoperasjonar, humanitære tiltak, utviklingstiltak og tiltak for å fremje menneskerettane. Vektlegginga av inkludering og av stabile og fredelege samfunn og styresett i utviklingsagendaen fram mot 2030 gjev FN eit endå sterkare mandat for å arbeide heilskapleg i sårbare statar, også i land som ikkje står på agendaen til Tryggingrådet.

Noreg vil medverke til at FN-arbeidet vert styrkt i land og område som er svært sårbare. Det er avgjerande å sjå verkemidla til FN i samanheng, og at innsatsen vert innretta på ein heilskapleg og integrert måte for å møte globale trygging utfordringar. Oppfølginga av gjennomgangane til FN frå 2015, mellom anna av rapporten til høgnivåpanelet om reform av fredsoperasjonane til FN, strekar under behovet for ei meir heilskapleg tilnærming til sårbare statar. Noreg vil særleg arbeide for å styrkje finansieringa av FN-arbeidet for å førebyggje konflikhtar. Noreg vil arbeide for at tilrådingane vert følgde opp, slik at fredsoperasjonane til FN vert meir effektive i felt, og medverke til at utviklingssystemet til FN trappar opp engasjementet sitt i sårbare situasjonar.

FN-responsen på utfordringane i Midtausten/Golfen, Sahel-regionen, Sør-Sudan, Somalia og «Great Lakes-regionen» (Burundi, Den demokratiske republikken Kongo) vil verte prioritert.

Noreg vil òg arbeide for at FN medverkar til å løyse Ukraina-krisa på ein måte som tryggjer den territorielle integriteten til Ukraina.

Noreg skal fremje vernemandata til Tryggingsrådet, mellom anna gjennom å støtte resolusjonar og delta i debattar om kvinner, fred og tryggleik, seksualisert vald, barn i væpna konflikt, vern av sivile i væpna konflikt og ansvaret for å verne sivile borgarar mot folkemord, etnisk reinsing, brotsverk mot menneskeslekta og krigsbrotsverk (*Responsibility to Protect*, R2P).

Vidare vil Noreg vere med på å utvikle idear og framlegg som kan bevare legitimiteten og effektiviteten til Tryggingsrådet og føre til eit meir ope og inkluderande Tryggingsråd, mellom anna ved å delta i gruppa av land som jobbar for å betre arbeidsmetodane til Rådet (ACT).

Noreg vil medverke aktivt til at FN skal arbeide for å vareta menneskerettane gjennom fredsoperasjonar og andre internasjonale oppdrag, og å førebyggje og reagere mot seksuell utnytting og overgrep (SEA) utført av personell som gjer teneste i oppdrag med FN-mandat.

Noreg vil støtte aktivt opp om den internasjonale avtalen om våpenhandel (ATT). Vi vil dessutan støtte arbeidet med gjennomføring av både minekonvensjonen og klasevåpenkonvensjonen, òg i den humanitære innsatsen og utviklingsaktivitetane til FN.

Globale tryggingsutfordringar, valdeleg ekstremisme og terrorisme

Noreg vil arbeide for at FN offensivt møter globale tryggingsutfordringar som valdeleg ekstremisme, terrorisme, organisert kriminalitet, truslar i det digitale rommet og piratverksemd, gjennom ein kombinasjon av utviklings- og tryggingspolitiske verkøy. Ei effektiv gjennomføring av berekraftsmål 16 om fredelege samfunn kombinerer desse verkøya og vil stå sentralt i FN-arbeidet for å møte desse globale tryggingsutfordringane.

Oppfølginga av stortingsmeldinga om globale tryggingsutfordringar i utanrikspolitikken ligg til grunn for den norske innsatsen på dette området. Handteringa av dei globale tryggingsutfordringane skal vere i samsvar med folkerettslege forpliktingar og menneskerettane. For å oppnå dette vil Noreg ta aktivt del i utviklinga av politikken til FN og arbeide for ei tydeleg prioritering av ressursane til FN for dette føremålet.

Noreg vil støtte aktivt opp om tiltak for å hindre og førebyggje terrorisme og valdeleg ekstremisme. Noreg vil arbeide for at den globale anti-terrorstrategien til FN vert gjennomført på ein

måte som tryggjer menneskerettane og andre internasjonale normer. Ei effektiv gjennomføring av generalsekretærens handlingsplan mot valdeleg ekstremisme vil få høgste prioritet frå norsk side.

Gjennomføringa av tryggingsrådsresolusjon 2178 (2014) om framandkrigarar vil framleis ha høg prioritet. Noreg vil arbeide for at kjønnsdimensjonen i større grad vert spegla att i arbeidet med å førebyggje og kjempe mot valdeleg ekstremisme. Ei norsk hovudoppgåve vil òg vere å mobilisere ungdom i kampen mot terrorisme og ekstremisme. I samband med dette vil Noreg delta i arrangement med sikte på å identifisere tiltak for å hindre at særleg barn og ungdom vert rekrutterte til ekstremistiske organisasjonar.

Fremjing av folkeretten

Noreg skal arbeide for respekt for folkeretten og fremjing av ein internasjonal rettsorden.

Noreg skal halde fram engasjementet sitt for å fremje rettsstatsprinsippa, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Noreg vil vere open for å utvikle nye folkerettsleg bindande og politisk forpliktande instrument og standardar som er retta mot nye former for alvorleg og grenseoverskridande organisert kriminalitet, mellom anna miljøkriminalitet og IKT-kriminalitet.

Havretts- og fiskerispørsmål er viktige for Noreg. Den viktigaste havrettslege diskusjonen i FN no er drøftingane i den førebuande komiteen for utvikling av ein ny avtale under havrettskonvensjonen til FN om vern og berekraftig bruk av marint naturmangfald i havområde utanfor nasjonal jurisdiksjon. I juni 2015 vedtok Generalforsamlinga å utarbeide ein folkerettsleg avtale om dette, og det er skipa ein førebuande komité som skal kome med framlegg til element i ein ny avtale innan utgangen av 2017. Dette arbeidet vert prioritert høgt av Noreg. Frå norsk side er det mellom anna òg viktig å sikre at arbeidet og progresjonen til Kontinentalsokkelkommisjonen får fullgode ressursar. Frå i år tek Noreg over rolla som koordinator av den årlege fiskeriresolusjonen til FN.

Noreg skal arbeide for at det vert sett i verk effektive tiltak for å førebyggje eller stanse internasjonale brotsverk og for at personar som er ansvarlege for slike brotsverk, vert stilte til ansvar gjennom adekvate rettslege prosessar. Ei overordna målsetjing vil vere å kjempe mot straffefriheit og styrkje den internasjonale strafferetten. Vi vil arbeide for ei universell oppslutning om Den internasjonale straffedomstolen (ICC) og eit godt samarbeid mellom domstolen og statspartane.

Noreg har formannskapet for arbeidsgruppa for regelendringar (WGA) i ICC, og skal arbeide for å styrkje effektiviteten og gjennomslagskrafta til Domstolen.

Arbeidet til Folkerettskommisjonen skal følgjast nøye, særleg spørsmåla om identifisering av internasjonal sedvanerett, immunitet for statsrepresentantar overfor jurisdiksjonen til framande statar og arbeidet med utkast til ein konvensjon om førebygging av brotsverk mot menneskeslekta. Tema som er til behandling i Generalforsamlingas komité for juridiske spørsmål (6. komité), og som er relevante for norske kjerneinteresser, skal følgjast nøye.

Menneskerettar

Noreg skal vidareutvikle den leiande rolla si i det normative arbeidet til FN for å bevare og styrkje respekten for menneskerettane. Fremjing av respekt for menneskerettar og demokratiske spelereglar er særleg viktig i ei tid der grunnleggjande verdiar er under press. Kriser og utfordringar i samband med tryggleik og utvikling kan berre løysast på varig og berekraftig vis gjennom respekt for menneskerettar og demokratiske spelereglar.

Noreg vil medverke aktivt i arbeidet for å gje menneskerettane prioritet i alt FN-arbeid, mellom anna ved å vidareføre støtta til generalsekretæren sitt initiativ *Human Rights Up Front* og gjennom ei finansiell styrking av den tredje FN-pilaren.

Arbeidet for å fremje ytringsfridom, forsamlingsfridom, mediefridom og anerkjenning og vern av menneskerettsforkjemparar og for kamp mot religiøs intoleranse og hatefulle ytringar vil ha høgste prioritet. I tillegg skal vi halde fram arbeidet for å sikre at det sivile samfunnet får ta del i FN-prosessar.

Noreg skal spele ei sentral rolle i arbeidet med resolusjonen om dødsstraff. Vi skal halde ved lag engasjementet vårt mot dødsstraff, noko som er synleggjort ved at vi var vertskap for verdskongressen mot dødsstraff i Oslo i juni 2016.

Noreg vil ha en aktiv dialog med spesialrepresentantane til FN, og kjempe mot freistnader på å avgrense den uavhengige rolla og integriteten deira.

Varetaking av sårbare grupper for å sikre likeverd og like vilkår er i tråd med prinsippet i 2030-agendaen om at ingen skal utelatast, og skal dessutan vere førande for norske prioriteringar under FNs 71. generalforsamling.

Norske representantar skal ta aktivt del i arbeidet med relevante kvinne- og likestillingsrelaterte resolusjonar, særleg resolusjonen om

vald mot kvinner. Noreg vil òg arbeide for at likestillingsdimensjonen blir integrert i alle komiteane i generalforsamlinga i FN.

Noreg si leiande rolle i kjernegruppa til fremjing av rettane til lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interseksuelle (LHBTI) skal vidareførast.

Kvinner rett og likestilling

Dei universelle berekraftsmåla plasserer likestilling i sentrum av den internasjonale dagsordenen. Noreg skal arbeide for at kvinners rett og likestilling har ein sentral plass i den normative rolla og operative verksemda til FN. Menneskerettane og handlingsplanen frå Beijing vert lagde til grunn for den norske innsatsen. Dei positive verknadene likestillinga har for fred, økonomisk vekst og berekraftig utvikling skal framhevast.

Noreg vil arbeide systematisk, i alliansar med andre land, for å verne det som er oppnådd for kvinners rett på det normative nivået, og motarbeide freistnader på å svekkje forpliktingar, særleg i samband med seksuell og reproduktiv helse og reproduktive rett, arv og eigedom og kvinners rett i familien. Særlege satsingsområde vil vere utdanning for jenter, kamp mot vald og skadelege skikkar, arbeid for å få aksept for omgrepet seksuelle rett og dessutan styrking av politiske og økonomiske rett og deltaking for kvinner.

Noreg vil vidareføre det langsiktige arbeidet for å fremje oppfølginga av tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. Kjønnsperspektivet skal inkludrast tverrgåande i freds- og tryggingarbeidet. Vi vil arbeide for at kvinner skal ta del i fredsmekling, fredsprossar og fredsoperasjonar.

Noreg vil fremje kjønnsperspektivet som eit tverrgåande prinsipp i alt styrearbeid i utviklingsorganisasjonane og krevje at ressursar og rutinar vert innretta på ein slik måte at dette vert effektivt underbygd.

Noreg vil utfordre den nye generalsekretæren til å leggje vekt på auka rekruttering av kvinner til leiarstillingar, og til at likestillingsdimensjonen vert vareteken av alle leiarar i FN-systemet.

Flukt og migrasjon

Det trengst nye globale løysingar for å handtere dei store flyktning- og migrasjonsstraumane som vi ser no. Dette er hovudtema for dei to toppmøta om flukt og migrasjon. Det må setjast eit tydelegare skilje mellom migrantar og flyktningar. Vi vil òg arbeide for å bevare det handlingsrommet sta-

tane har, og for at fleire land tek ansvar for og samarbeider om retur av personar utan lovleg opphald. Noreg vil arbeide aktivt for å støtte opp om tiltak for å skape vekst, jobbar og høve til utdanning i land som er utsette for krig og konflikt og land som er vertskap for store grupper menneske på flukt. Vi vil støtte sluttfråsegna frå møtet 19. september og arbeidet med to «global compacts» for flyktingar og for migrantar, som skal ferdigstillast i 2018. Noreg vil arbeide for at Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) får ei viktig rolle i det framtidige migrasjonsarbeidet.

Humanitære spørsmål

Noreg vil støtte tiltak som gjev betre tilgang til helsetenester og -utstyr til kvinner, barn og ungdom i humanitære kriser og konflikt, og om arbeid for å redusere seksuelle overgrep og trakassering i slike situasjonar.

Noreg vil støtte aktivt opp om oppfølginga etter det humanitære toppmøtet til FN i mai 2016, mellom anna gjennom tett dialog med FN-kontoret for koordinering av humanitær innsats (OCHA) og med det sivile samfunnet og frivillige organisasjonar i Noreg.

Dei store humanitære behov har lagt eit stort press på dei humanitære budsjetta, både i Noreg og internasjonalt. Den samla humanitære FN-appellen har aldri vore større, og det er store behov som enno ikkje er dekte. Både i omfang, tidslengd og kompleksitet har dei humanitære krisene aktualisert behovet for å setje av langt større ressursar til å førebyggje og løyse konfliktar.

I tråd med tilrådingane frå generalsekretærens høgnivåpanel om humanitær finansiering vil Noreg arbeide aktivt for å identifisere måtar for å minske avstanden mellom humanitære behov og tilgjengelege ressursar, fremje løysingar i samband med tidleg og føreseieleg finansiering og medverke til at midlane vert nytta på ein effektiv og meir fleksibel måte. Noreg vil òg vere ein pådrivar for styrkt samhandling og koordinering i FN og mellom FN og utviklingsbankane, særleg i langvarige kriser. Noreg vil arbeide for å auke dei humanitære løyvingane til utdanning i krise- og konfliktområde til fire prosent internasjonalt, og vil støtte opp under det nye fondet *Education Cannot Wait* for å sikre ein betre finansiert og samordna innsats på dette området.

Noreg vil arbeide for å styrkje respekten for humanitære prinsipp og internasjonal humanitærrett. Vern av sivile, flyktingar, internt fordrevne og utsette grupper vil ha høgste prioritet i

arbeidet, mellom anna i forhandlingane om den generelle humanitære resolusjonen i Generalforsamlinga.

Noreg vil arbeide for eit sterkare vern av skolar og utdanning. Arbeidet for at fleire av medlemslanda i FN sluttar seg til *Safe Schools*-fråsegna for å hindre militær bruk av skolar og universitet og for at militære styrkar og aktørar lèt vere å gå til åtak på skolar under væpna konflikt, vil stå sentralt.

I oppfølginga av Sendai-rammeverket for katastrofeførebygging vil Noreg arbeide for konkrete og effektive tiltak og støtte eigeninnsatsen til land som er råka, mellom anna gjennom å fremje eit sterkare samarbeid mellom humanitære aktørar og utviklingssida. I samband med dette vil det vere viktig å sikre at katastrofeførebygging og risikohandtering står sentralt i nasjonale utviklingsplanar.

Berekraftig utvikling og utviklingsaktivitetane til FN

I tråd med prioriteringane til regjeringa vil fattigdomsreduksjon, menneskerettar, fredelege samfunn og berekraftig utvikling stå sentralt i arbeidet med å gjennomføre den nye berekraftsagendaen (2030-agendaen).

Noreg vil arbeide for ei effektiv oppfølging av berekraftsmåla og sluttokumentet frå Addis Abeba-konferansen om finansiering av berekraftig utvikling. Det er viktig at alle land tek ansvar for å prioritere si eiga utvikling for å nå dei universelle berekraftsmåla. Noreg vil arbeide for å styrkje nasjonal mobilisering av ressursar, mellom anna når det gjeld skatt og kamp mot ulovleg kapitalflyt. Gjennomføringa av 2030-agendaen krev eit sterkare samarbeid mellom land og mellom ulike delar av FN-systemet. Ei tettare samordning med Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane og ei klarare ansvarsdeling mellom desse organisasjonane er avgjerande. Noreg vil arbeide for å skape gode mellomstatlege arenaer for internasjonalt samarbeid for å nå berekraftsmåla, og for å styrkje samarbeidet mellom dei mange utviklingsorganisasjonane til FN og for ei solid, kunnskapsbasert overvaking av den globale framdrifta.

Noreg er ein viktig bidragsytar til utviklingsaktivitetane til FN, og vil difor arbeide for at FN leverer og dokumenterer resultata av arbeidet sitt. Noreg skal framleis gje tydelege signal om forventningar og krav til utviklingsorganisasjonane til FN. Vi skal særleg arbeide for at utviklingssystemet til FN nyttar den nye utviklingsagendaen til ein meir strategisk, effektiv og samordna innsats. Forhandlingane i haust om den fireårige ramme-

resolusjonen om den operasjonelle verksemda til FN vert svært viktig i denne samanhengen. Dei siste par åra er dei finansielle løyvingane til utviklingssystemet til FN vortne reduserte, og difor vert det ekstra viktig at utviklingssystemet prioriterer oppgåver som det har særlege føresetnader for å utføre, og at det mest omfattande engasjementet blir å finne i dei landa og områda der behovet er størst.

Reform av FN

Noreg arbeider for eit moderne FN som kan vise til konkrete resultat. Dette krev reformer både ved hovudkvarteret og i felt. Difor vil Noreg engasjere seg for at dei prosessane som har til føremål å styrkje og effektivisere organisasjonen, vert vidareførte og gjort sterkare under ein ny generalsekretær. Dette gjeld òg dei mellomstatlege organa til FN, som må vise evne til å fornye seg i lys av nye utfordringar og den nye 2030-agendaen. FN70-initiativet er det viktigaste bidraget frå Noreg til reformarbeidet til FN i overgangen til ny generalsekretær.

Noreg vil halde fram innsatsen for at FN skal styrkje evna si til å drive effektive operasjonar i felt og opptre meir effektivt og samordna på landnivå. Dette inneber behov for reformer, både i FN-hovudkvarteret og på landnivå. Rolla til dei stadlege FN-koordinatorane må styrkjast, og FN må i større grad opptre samordna på tvers av dei tre FN-pilarane fred og tryggleik, menneskerettar og utvikling/humanitært arbeid. Noreg vil arbeide for at desse prioriteringane vert godt reflekterte i

den neste rammeresolusjonen om den operasjonelle verksemda til FN.

Dersom FN framleis skal vere relevant i verda i dag, må organisasjonen òg arbeide endå tettare med dei regionale organisasjonane som NATO, OSSE, EU, AU og ASEAN. Noreg vil arbeide for at FN skal medverke til å utvikle eit smidig og handlekraftig multilateralt system.

På grunn av krav om kutt i budsjettnivået frå store bidragsytarar er det regulære FN-budsjettet i dag under kraftig press. I mellomstatlege forum og styrande organ for dei einskilde organisasjonane vil Noreg arbeide for at harde krav til innsparring ikkje må føre til svekking av dei reformprosessane som går føre seg i FN. Vi vil arbeide for at ein større del av det regulære FN-budsjettet vert tilført menneskerettsarbeidet til FN, og for ei styrking og meir føreseieleg finansiering av konfliktløysing og førebygging og for arbeidet med land i sårbare situasjonar.

Noreg vil arbeide for å motverke at medlemslanda detaljstyrer FN gjennom Generalforsamlinga. Dersom sekretariatet skal kunne oppfylle mandatet sitt på ein effektiv måte, må det ha tillit frå medlemslanda til å gjennomføre oppgåvene sine. Samstundes må sekretariatet vise seg tilliten verdig. Noreg skal jamleg vurdere ressursbruken til FN. Vi vil arbeide for at FN skal halde fram med å fremje tiltak mot økonomisk svik, sikre ein kultur med vekt på ansvar, styrkje innsatsen for tilsyn og kontroll og identifisere kor det er mogleg å spare og effektivisere utan at det går ut over kvaliteten på arbeidet.

Vedlegg 2

Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 71. generalforsamling

Hovudinnlegg av statsminister Erna Solberg, Dei sameinte nasjonane, New York, 22. september 2016.

President, ekszellensar, damer og herrar,

Generalforsamlinga i år kjem på eit kritisk tidspunkt. Dei siste åra har vi vore vitne til alvorlege krenkingar av dei prinsippa som FN byggjer på. Krenkingar som har ført til omfattande humanitære lidningar og utryggleik. Syria, Jemen, Ukraina og Sør-Sudan er nokre døme på dette, men lista er lengre. Likevel har verda òg gått framover – land har gått saman, funne kompromiss og handla i fellesskap. Vi har til dømes kome fram til Parisavtalen, og vi har vedteke Agenda 2030 – vegkartet for vår framtidige sameksistens og samarbeid.

Så kvar går vi vidare herifrå? Vi kan ikkje la frykt styre handlingane våre. Vi kan ikkje gå tilbake til ei verd med nullsumspel, smale nasjonale interesser og proteksjonisme. Vi kan ikkje fjerne oss frå eit regelbasert system og gå i retning av konfrontasjon og uføreseielege utfall. Vi – det internasjonale samfunnet – må samle oss og kjempe for det multilaterale systemet med ny styrke. La meg forsikre dykk om at Noreg skal arbeide hardt for å fremje respekt for folkeretten og finne felles løysingar.

President,

Mitt eige kontinent, Europa, har hatt ein einestående periode med fred, demokrati og handel. No står vil likevel overfor ein kompleks tryggingssituasjon. Dessverre er det visse statar som har valt å ikkje rette seg etter folkeretten, og som rett og slett lèt sine egne nasjonale interesser gå ut over andre. Ustabilitet i Midtausten og Nord-Afrika er årsak til store menneskelege lidningar og fører til valdeleg ekstremisme, òg i Europa. Reaksjonen vår på dette bør ikkje vere å isolere oss, men å samarbeide og finne løysingar.

President,

Den humanitære situasjonen i Syria kan rett og slett ikkje tolererast. Globale og regionale stor-

makter må gjere tiltak for å sikre ei varig våpenkvile og humanitær tilgang – no straks. Verda ventar at innsatsen til Tryggingsrådet og Den internasjonale støttegruppa for Syria (ISSG) skal gje resultat. Det er ikkje berre Syria vi må leggje vekt på. Konfliktane og lidningane held fram også andre stader, og større innsats må til for å finne felles løysingar på felles utfordringar. I denne samanhengen vil eg gjerne sende ei melding til president Abbas og statsminister Netanyahu, som talar før og etter meg i dag: Eg oppmodar partane på det sterkaste til å møte dei overhangande truslane mot tostatsløysinga med å gjennomføre tilrådingane i rapporten frå Midtausten-kvartetten.

President,

Vi må auke innsatsen vår for å handtere dei humanitære konsekvensane av krisane i dag. Noreg vil halde fram med å gje rekordstor humanitær bistand – til Syria, til Sør-Sudan og til andre. Saman må vi trappe opp arbeidet vårt for å fremje fred og stabilitet i dei mange sårbare og konfliktprega statane. Vi må styrkje FN si evne til å hjelpe land som er på veg ut av konflikt. Vi har eit klart ansvar for å kjempe mot terrorisme og auke innsatsen for å hindre valdeleg ekstremisme. For at vi skal klare dette, må vi samarbeide tett med det sivile samfunnet, med kvinner, ungdom, religiøse leiurar og med lokalsamfunna.

Vi må syte for at arbeidet for kvinner, fred og tryggleik vert overført til meir effektiv og konkret handling. Vi må syte for at fredsoperasjonane oppfyller mandata sine til å verne sivile. Det må bli slutt på seksuell utnytting og seksuelt misbruk. Vi må ha nulltoleranse for dette og målmedviten handling frå FN si side.

Dei fredsbevarande styrkane til FN, bistandspersonell og hjelpearbeidarar frå ei rekkje land gjer ein enorm innsats i mange land, mellom anna i Mali og Den demokratiske republikken Kongo. Dei må få tilgang til dei verktøya og ressursane dei treng. Lat meg få forsikre dykk om at Noreg kjem til å vidareføre sitt engasjement innanfor humanitær bistand og utviklingsbistand. Vi vil

vidareføre støtta vår til reform av FNs fredsoperasjonar. Men vi kan ikkje hindre eller løyse konflikhtar berre ved å ta hand om konsekvensane. Vi må òg sjå på dei underliggjande årsakene og gjere noko med dei.

Heldigvis ser vi nokre stader at innsatsen vår gjev synlege resultat. Etter meir enn fem tiår med konflikt går det no mot fred i Colombia. Eg er stolt over at Noreg, saman med Cuba, har lagt til rette for fredsprosessen. Dette vil vere eit stort og historisk steg framover for regionen. Noreg vil halde ved lag den diplomatiske og praktiske støtta til den colombianske fredsprosessen i denne avgjerande gjennomføringsfasen.

President,

Måla for ei berekraftig utvikling er banebrytande. Dei gjev oss eit vegkart for den framtida vi ønskjer oss. Vi er samde om at ingen skal utelast. Det vil seie at vi må ta hand om ulikskap og sosial urettferd og tryggje rettsstaten. Det vil òg seie at vi må myndiggjere både kvinner og menn på like vilkår.

Vi må styrkje menneskerettspilaren til FN, både økonomisk og politisk. Dette bør vi sjå på som ei viktig investering i framtida. Eg vil gjerne trekkje fram rolla til dei som fremjar andre sine rettar – rettane til kvinner, minoritetar og medlemmer av marginaliserte samfunnsgrupper. Menneskerettsforkjemparar er eit viktig korrektiv i alle samfunn. Det er berre svake leiarar som fryktar for å bli korrigererte.

President,

Alle berekraftsmåla handlar om å byggje inkluderande samfunn. Inkluderande samfunn klarar seg betre. Retten til utdanning og helse er avgjerande i så måte. I dag er det 263 millionar barn og unge som ikkje går på skule, og talet er aukande. I fjor tok eg, saman med presidentane i Chile, Indonesia og Malawi og generaldirektøren for UNESCO, initiativ til å skipe ein internasjonal kommisjon for finansiering av utdanning. Sist søndag la kommisjonen fram ein rapport med tilrådingane sine for generalsekretæren. Kommisjonen legg stor vekt på å få fram kvifor det er så viktig at verda satsar på utdanning som den viktigaste drivkrafta for økonomisk vekst. Dette støttar eg fullt ut. Vi må unngå ei global læringskrise. Det vil få alvorlege følgjer dersom vi ikkje handlar. Saman må vi investere meir for å sikre at ingen vert utelatne. Kvar og ein av oss bør ha like god tilgang til læring og utdanning. Utdanning av jenter er særleg viktig. Når jenter går på skule og får utdanning, er det ikkje berre ein grunnleggjande

rett dei har, det er òg bra for økonomien. Global utdanning vil framleis vere den oppgåva som har høgast prioritet i den norske utviklingspolitikken.

Ei anna prioritert oppgåve for Noreg er å styrkje beredskapen når det gjeld epidemiar og global helsetryggleik ved å utvikle nye vaksinar som kan hindre nye sjukdomsutbrot. Denne viktige dagsordenen krev eit effektivt samarbeid på tvers av nasjonale grenser og på tvers av samfunnssektorar, og mobilisering av ressursar både på nasjonalt plan og frå den private sektoren. Antibiotika reddar millionar av liv, men antimikrobiell resistens gjer at slike medisinar vert stadig mindre effektive. Dersom vi ikkje handlar, kan vi kome til å nå eit stadium der vanlege infeksjonar igjen vert livsfarlege. Barnebarna våre vil kunne dø av sjukdommar som besteforeldra våre overlevde. Nye globale helseutfordringar krev betre internasjonalt samarbeid. Difor er eg glad for at vi har klart å setje denne saka høgt opp på dagsordenen denne veka. Vi veit kva som må gjerast, og no er tida komen til å gjere jobben når vi kjem heim.

President,

Klimatoppmøtet i Paris i fjor var eit vendepunkt i kampen for å redde planeten vår. No trengst det effektive og samordna tiltak for å redusere utslipp og oppfylle dei ambisiøse måla som vi har sett oss. Vi har som ambisjon å gjere alt dette, samstundes som vi skal halde fram med å sikre anstendig arbeid og økonomisk vekst for alle. Dette vil krevje investeringar i innovasjon, og vi har inga tid å misse.

I tiåra som kjem, vil havet spele ei større rolle i den globale økonomien. I dag er det berre 17 prosent av alt animalsk protein som vert konsumert på verdsbasis, som kjem frå sjøen. Dersom vi skal klare å oppfylle dei aukande behova, må stadig meir av maten vår hentast frå havet. Men veksten i fisket av villfanga fisk er avgrensa, og difor trengst det stadig meir berekraftig akvakultur. Etter kvart som verdshandelen held fram med å auke, vil òg behovet for sjøtransport auke.

Alt no er havet ei viktig energikjelde. Denne ressursen må utviklast vidare for å oppfylle dei aukande krava om rein og fornybar energi. Kort sagt, havet gjev store håp for framtida. Vi har berre sett byrjinga på den blå økonomien. FNs havrettskonvensjon utgjør ein fin balansegang mellom konkurrerende interesser og behov. Dette gjer det mogleg for oss å realisere det potensialet som finst i marine ressursar, verne det biologiske mangfaldet i havet og hindre konflikhtar på det maritime området.

President,

Vedtakinga av berekraftsmåla og Paris-avtalen viser kva som er mogleg å oppnå når landa kjem saman for å finne kompromiss og vise handlekraft. I ei globalisert verd der vi alle er avhengige av kvarandre, er det heilt avgjerande å samarbeide internasjonalt dersom vi skal kunne redusere fattigdom, løyse konflikter og handtere klimaendringar, migrasjon og terrorisme. Inga regjering kan på eiga hand klare å løyse dei utfordringane vi står overfor på ein effektiv måte.

Tidlegare i dag la Noreg, saman med Colombia, Etiopia, Ghana, Indonesia, Jordan og Mexico, fram fem tilrådingar som er meinte for den nye generalsekretæren, med sikte på å fremje eit uavhengig og truverdig FN som kan spele ei samlande og leiande rolle. FN har ein unik plass i den multilaterale verdsordenen. Det er vårt felles

ansvar å forsvare ein verdsorden der vi kan finne løysingar gjennom forhandlingar og respekt for folkeretten. FN har eit mandat som framleis er gyldig og står sterkt, men organisasjonen må òg reformerast for å kunne handtere dei utfordringane som ligg framfor oss.

Vi vil takke generalsekretær Ban Ki-moon for den store innsatsen han har gjort og dei gode resultata han har oppnådd på ei rekkje område, mellom anna vedtakinga av berekraftsmåla. Den neste generalsekretæren må halde fram arbeidet med å forsvare og fremje ein multilateral verdsorden – og gå i spissen for den endringsprosessen som må til for å sikre global stabilitet og berekraftig utvikling for alle. Noreg vil støtte den neste generalsekretæren i denne viktige innsatsen.

Takk.

Vedlegg 3

Oversikt over norske innlegg under FNs 71. generalforsamling

Generalforsamlinga – plenum:

- Høgnivåmøte om handtering av store flyktning- og migrantstraumar. Plenum. Statsminister Erna Solberg. 19.09.16
- Høgnivåmøte om handtering av store flyktning- og migrantstraumar. Rundebord om internasjonalt samarbeid om flyktningar og migrantar. Statsminister Erna Solberg. 19.09.16
- Høgnivåmøte om handtering av store flyktning- og migrantstraumar. Rundebord om ansvarsfordeling. Statsråd Sylvi Listhaug. 19.09.16
- Høgnivåmøte om antimikrobiellresistens. Plenum. Statsråd Bent Høie. 21.09.16
- Høgnivåmøte om antimikrobiellresistens. Rundebord om heilskapleg gjennomføring av tiltak på tvers av sektorar. Statsminister Erna Solberg. 21.09.16
- Generaldebatt i Generalforsamlinga. Statsminister Erna Solberg. 22.09.16
- Den internasjonale dagen for total avskaffing av kjernevåpen. Ambassadør Geir O. Pedersen. 26.09.16
- Rapport frå Menneskerettsrådet. Ambassadør May-Elin Stener. 04.11.16
- Gjevarkonferanse for utviklingsaktivitetar. Ambassadør May-Elin Stener. 07.11.16
- Palestina-spørsmålet. Ambassadør May-Elin Stener. 30.11.16
- Hav, havrett og berekraftig fiske. Ambassaderåd Andreas M. Kravik. 07.12.16
- Den internasjonale dagen til minne om ofra for folkemord og til forhindring av folkemord. Ambassadør May-Elin Stener. 09.12.16
- Fremjing og vern av rettane til barn. Noreg, på vegner av Australia, Canada, Island, Liechtenstein, New Zealand, Noreg og Sveits. Ambassaderåd Ragnhild H. Simenstad. 19.12.16

1. komité:

- Hovudinnlegg. Ambassadør Geir O. Pedersen. 05.10.16

- Kjernevåpen. Spesialrepresentant Knut Langeland. 17.10.16
- Kjernevåpen. Noreg, på vegner av Nederland og Noreg. Spesialrepresentant Knut Langeland. 17.10.16
- Konvensjonelle våpen. Spesialrepresentant Knut Langeland. 24.10.16
- Fremjing av multilaterale forhandlingar om nedrusting av kjernevåpen (L.41) – røysteforklaring. Spesialrepresentant Knut Langeland. 27.10.16

2. komité:

- Hovudinnlegg. Ambassadør Geir O. Pedersen. 03.10.16
- Utviklingsaktivitetane til FN. Fagdirektør Berit Fladby. 06.10.16
- Berekraftig utvikling. Ministerråd Marianne Loe. 10.10.16
- Makroøkonomiske avgjerdsspørsmål og finansiering for utvikling. Ministerråd Marianne Loe. 20.10.16
- Gjennomføringa av Agenda 21 (L.19/Rev.1) – røysteforklaring. Ministerråd Marianne Loe. 08.12.16

3. komité:

- Sosial utvikling – observatørinnlegg. Ungdomsdelegatane Jarle A. Tollaksen og Margrete B. Katanasho. 04.10.16
- Fremjing av kvinner. Ambassadør Geir O. Pedersen. 10.10.16
- Fremjing og vern av rettane til barn. Ambassadør May-Elin Stener. 13.10.16
- Rapporten til FNs høgkommissær for menneskerettar (OHCHR). Ambassadør May-Elin Stener. 19.10.16
- Fremjing og vern av menneskerettane – hovudinnlegg. Ambassadør May-Elin Stener. 31.10.16

4. komité:

- Omfattande gjennomgang av dei fredsbevarande operasjonane til FN. Ambassadør May-Elin Stener. 21.10.16
- Omfattande gjennomgang av dei politiske oppdraga til FN. Ambassadør May-Elin Stener. 27.10.16
- FNs hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar i Midtausten (UNRWA). Ambassadør Geir O. Pedersen. 03.11.16

5. komité:

- Organisering av arbeidet. Ambassadør Geir O. Pedersen. 29.09.16

6. komité:

- Tiltak for å eliminere internasjonal terrorisme. Ambassaderåd Andreas M. Kravik. 04.10.16
- Kriminell ansvarleggjering av FN-tenestemenn og ekspertar på oppdrag. Noreg, på vegner av Norden. Ambassadør May-Elin Stener. 07.10.16
- Omfang og bruk av prinsippet om universell jurisdiksjon. Ambassaderåd Andreas M. Kravik. 13.10.16
- Rapport frå Folkerettskommisjonen – tematisk gruppe 2. Noreg, på vegner av Norden. Ekspedisjonssjef Margit Tveiten. 26.10.16
- Rapport frå Folkerettskommisjonen – tematisk gruppe 3. Noreg, på vegner av Norden. Underdirektør Øyvind Hernes. 01.11.16

Tryggingsrådet:

- Situasjonen i Midtausten, medrekna Palestina-spørsmålet. Ambassadør Geir O. Pedersen. 19.10.16
- Kvinner, fred og tryggleik. Noreg, på vegner av Norden. Statssekretær Laila Bokhari. 25.10.16
- Fredsoperasjonane til FN og asymmetriske truslar. Noreg, på vegner av Norden. Ambassadør Geir O. Pedersen. 07.11.16
- Menneskesmugling i konfliktsituasjonar. Noreg, på vegner av Norden. Ambassadør Geir O. Pedersen. 20.12.16

Andre høgnivåmøte, sidearrangement o.a.:

- Lansering av rapporten frå Utdanningskommisjonen. Statsminister Erna Solberg. 18.09.16

- Mineryddingsarrangement med Colombia, opningsinnlegg. Statssekretær Tone Skogen. 18.09.16
- Mineryddingsarrangement med Colombia, avslutningsinnlegg. Utanriksminister Børge Brende. 18.09.16
- *International Peace Institute* – ministerråds-middag om Midtausten. Utanriksminister Børge Brende. 18.09.16
- Møte i *UN Private Sector Forum*. Rundebord med temaet «Planet». Statsminister Erna Solberg. 19.09.16
- Global beredskap og respons til helsekriser – gjennomføring av tiltak ut ifrå det vi har lært. Statsminister Erna Solberg. 19.09.16
- Myndiggjering av kvinner og demografisk dividende i Afrika. Statsminister Erna Solberg. 19.09.16
- Opningsinnlegg for det årlege høgnivåmøtet med gjevarlandsgruppa for palestinarene (AHLIC). Utanriksminister Børge Brende. 19.09.16
- Møte med Høgnivåkommisjonen om helsearbeidarar og økonomisk vekst. Statsråd Bent Høie. 19.09.16
- Styremøte for *Education Cannot Wait*-fondet. Statssekretær Tone Skogen. 19.09.16
- Sidearrangement om å hindre straffefridom for ISIL. Statssekretær Tone Skogen. 19.09.16
- Norsk sidearrangement om kvinneleg leiarskap og likestillingsperspektiv ved førebygging av og kamp mot valdeleg ekstremisme. Statsminister Erna Solberg. 20.09.16
- Toppmøte mellom verdsleiarane om flyktningar, etter initiativ frå president Barack Obama. Statsminister Erna Solberg. 20.09.16
- Lansering av rapporten frå Høgnivåkommisjonen om helsearbeidarar og økonomisk vekst. Rundebord om utdanning og kvinner. Statsminister Erna Solberg. 20.09.16
- *Every Woman Every Child* – lansering av leiar-rapporten til *Global Financing Facility*. Statsminister Erna Solberg. 20.09.16
- *Global Goals Dinner 2016*. Statsminister Erna Solberg. 20.09.16
- EAT-sidearrangement om urbane matsystem og ernæring. Utanriksminister Børge Brende. 20.09.16
- Opningsinnlegg ved nordisk møte med organisasjonen for dei karibiske landa (CARICOM). Utanriksminister Børge Brende. 20.09.16
- Møte i generalsekretæren si rådgjevingssgruppe (HLAG) for *Every Woman Every Child*-initiativet. Utanriksminister Børge Brende. 20.09.16

- Paneldebatt om berekraftig tilgang til effektiv antibiotika. Statsråd Vidar Helgesen. 20.09.16
- *Every Woman Every Child* – partnerskapsarrangement. Statssekretær Tone Skogen. 20.09.16
- Den fjerde årlege internasjonale konferansen om berekraftig utvikling ved Columbia University. Statsminister Erna Solberg. 21.09.16
- Sidearrangement om like rettar i regi av LHBT-kjernegruppa. Statsminister Erna Solberg. 21.09.16
- Høgnivåmøte om oppfølging av Syria-konferansen i London. Utanriksminister Børge Brende. 21.09.16
- Høgnivåmøte om Somalia. Utanriksminister Børge Brende. 21.09.16
- Lansering av den siste rapporten til Den uavhengige kommisjonen for multilateralisme (ICM). Utanriksminister Børge Brende. 21.09.16
- Høynivåjevarmøte for Fredsbyggingsfondet til generalsekretæren. Utanriksminister Børge Brende. 21.09.16
- Høgnivåpanel om innovativ finansiering for å handtere flyktningkriser i mellominntektsland. Utanriksminister Børge Brende. 21.09.16
- Sidearrangement om investeringar i torvmyr. Statsråd Vidar Helgesen. 21.09.16
- Sidearrangement om finansiering av berekraftsmåla. Statsråd Vidar Helgesen. 21.09.16
- Middag med Høgambisjonskoalisjonen. Statsråd Vidar Helgesen. 21.09.16
- Mottaking om arbeidet mot kreft, *Grete Waitz Foundation*. Statsråd Bent Høie. 21.09.16
- Høgnivåmøte om den humanitære situasjonen i Jemen. Statssekretær Tone Skogen. 21.09.16
- Sidearrangement om dødsstraff og offer for dødsstraff. Statssekretær Tone Skogen. 21.09.16
- Arrangement om samanhengen mellom sysselsetjing og fredsbygging. Statssekretær Tone Skogen. 21.09.16
- Sidearrangement for lansering av Qatars utdanningsfond for syrarar. Statssekretær Tone Skogen. 21.09.16
- Sidearrangement om seksuell vald i konflikt. Statssekretær Tone Skogen. 21.09.16
- Arbeidsmiddag om reform av dei fredsbevarande operasjonane til FN, IPI. Statssekretær Tone Skogen. 21.09.16
- Norsk sidearrangement om berekraftige hav og ein blå økonomi. Statsminister Erna Solberg. 22.09.16
- Lansering av rapporten frå generalsekretæren om fremjing av den økonomiske stillinga til kvinner. Statsminister Erna Solberg. 22.09.16
- Opningsinnlegg til det årlege Trygve Lie-symposiet. Utanriksminister Børge Brende. 22.09.16
- Høgnivåmøte om den humanitære situasjonen i Sør-Sudan. Utanriksminister Børge Brende. 22.09.16
- Transatlantisk middag. Utanriksminister Børge Brende. 22.09.16
- Møte om klimaendringar og berekraftig utvikling i små øystatar (SIDS). Statsråd Vidar Helgesen. 22.09.16
- Høgnivåmøte om hydrofluorkarbon (HFK). Statsråd Vidar Helgesen. 22.09.16
- Møte med Høgambisjonskoalisjonen. Statsråd Vidar Helgesen. 22.09.16
- Paneldebatt med *Tropical Forest Alliance* om korleis klimaendringane påverkar berekraftsagendaen. Statsråd Vidar Helgesen. 22.09.16
- Middag med *Major Economies Forum on Climate Change and Clean Energy*. Statsråd Vidar Helgesen. 22.09.16
- Lansering av *Every Woman Every Child Everywhere*-panelserien om å fremje helse for kvinner og barn i humanitære situasjonar. Statssekretær Tone Skogen. 22.09.16
- Sidearrangement om utviklingsmål 16 og lansering av rapport frå *Global Alliance* om fredfulle, rettferdige og inkluderande samfunn. Statssekretær Tone Skogen. 22.09.16
- Det 22. rådsmøtet for *Community of Democracies*. Statssekretær Tone Skogen. 22.09.16
- Sidearrangement om reformer og investeringsutsikter i Tunisia. Statssekretær Tone Skogen. 22.09.16
- *Call to Action*-arrangement om kjønnsbasert vald i humanitære kriser. Statssekretær Tone Skogen. 22.09.16
- Sidearrangement om å førebyggje og få slutt på internasjonale brotsverk. Ekspedisjonssjef Kjersti E. Andersen. 22.09.16
- Møte for å følgje opp *Grand Bargain*-initiativet frå Verdas humanitære toppmøte. Statssekretær Tone Skogen. 22.09.16
- Sidearrangement om Aleppo og den heroiske innsatsen frå lokale hjelpeorganisasjonar. Statssekretær Tone Skogen. 22.09.16
- Ministermøte i *Major Economies Forum on Energy and Climate* (MEF). Utanriksminister Børge Brende. 23.09.16
- Møte med generalsekretærens partnerskapsgruppe for Myanmar. Utanriksminister Børge Brende. 23.09.16

- Ministermøte om den politiske situasjonen i Sør-Sudan. Utanriksminister Børge Brende. 23.09.16
 - Møte om miljøkriminalitet og fred, tryggleik og berekraftig utvikling. Statsråd Vidar Helgesen. 23.09.16
 - Lansering av eit nytt nettverk for nasjonale kontaktpersonar for Kvinner, fred og tryggleik-agendaen. Statssekretær Tone Skogen. 23.09.16
 - Høgnivåpanel om korleis den nye berekraftsagendaen skal gjennomførast. Statssekretær Tone Skogen. 23.09.16
 - Høgnivåmøte om den humanitære krisa i området rundt Tsjad-sjøen. Statssekretær Tone Skogen. 23.09.16
 - Lansering av *Global Education Monitoring Report*. Statssekretær Tone Skogen. 23.09.16
 - Femte *Global Citizen Festival*. Statsminister Erna Solberg. 24.09.16
 - Ministermøte om finansiering av klimamåla. Statsråd Vidar Helgesen. 24.09.16
 - UN Women: Rundebord om programmet for kvinners engasjement i fred og tryggleik. Statssekretær Laila Bokhari. 26.10.16
 - *Every Woman Every Child Everywhere*-panelserien: Paneldebatt om helse for kvinner og barn i urbane humanitære kriser. Ambassadør Geir O. Pedersen. 29.11.16
 - UNDP: Prisutdeling for særskilt god rapportering om menneskeleg utvikling. H.K.H. Kronprins Haakon. 06.12.16
 - *International Peace Institute*: Seminar om gjennomføring av 2030-agendaen. H.K.H. Kronprins Haakon. 07.12.16
 - Høgnivåkonferanse om FNs naudhjelpsfond (CERF). Avdelingsdirektør Leni Stenseth. 13.12.16
- Utvalde gruppeinnlegg:*
- Innlegg frå FN70-gruppa til komande generalsekretær António Guterres. Ghana, på vegner av Colombia, Ghana, Etiopia, Indonesia, Jordan, Mexico og Noreg. 19.10.16
 - Generalforsamlinga: Situasjonen i Syria. Island, på vegner av Norden. 20.10.16
-

Vedlegg 4**Programbudsjettet 2016–2017**


FNs programbudsjett for to-årsperioden 2016–2017 (vedteke på den 70. generalforsamlinga).

Tabell 4.1 A. Utgifter

Budsjett Seksjon	Kap.	Tekst	USD
I	1–2	Generell politisk verksemd, leiing og koordinering	735 550 200
II	3–6	Politiske saker, fredsbevarande operasjonar	1 380 540 600
III	7–8	Internasjonal lov og rett	94 821 600
IV	9–17	Internasjonalt samarbeid for utvikling	464 597 500
V	18–23	Regionalt utviklingssamarbeid	542 599 900
VI	24–27	Menneskerettar og humanitære saker	359 775 000
VII	28	Informasjon	188 021 900
VIII	29	Administrasjon og fellestenester	589 118 700
IX	30	Internt tilsyn	40 213 800
X	31–32	Særlege administrative utgifter	164 693 000
XI	33	Investeringsutgifter	97 091 100
XII	34	Tryggleik	234 295 400
XIII	35	Utviklingskontoen	28 398 800
XIV	36	Utbetalingar frå skatteutjamningsfondet	482 076 900
Sum			5 401 794 400

Tabell 4.2 B. Inntekter

Kap.	Tekst	USD
1	Inntekter til skatteutjamningsfondet	486 414 800
2	Generelle inntekter	41 226 700
3	Publikumstenester	3 706 300
	Til saman	531 347 800
	Pliktige bidrag frå medlemslanda for to-årsperioden vedtekne av Generalforsamlinga	4 870 446 600
Sum		5 401 794 400

Vedlegg 5**Topp 10 bidragsytarar til FN (pliktige og frivillige bidrag)**

Figur 5.1

Vedlegg 6**FN sine medlemsland og bidragsskalaen**

Tabell 6.1 Medlemslanda sin opptaksdato, plassering i valgrupper og prosentvis bidrag til FNs regulære budsjett i 2016–2017

(Forkortingar: *afr*=afrikanske, *ar*=arabiske, *as*=asiatiske, *la*=latinamerikanske, *weog*=vesteuropeiske og andre statar, *aust*=austeuropiske statar)

Stat	Opptak	Gruppe	Obligatoriske bidrag i prosent	
			2013–2015	2016
Afghanistan	19. november 1946	as	0,005	0,006
Albania	14. desember 1955	aust	0,010	0,008
Algerie	08. oktober 1962	afr(ar)	0,137	0,161
Andorra	28. juli 1993	weog	0,008	0,006
Angola	01. desember 1976	afr	0,010	0,010
Antigua og Barbuda	11. november 1981	la	0,002	0,002
Argentina	24. oktober 1945	la	0,432	0,892
Armenia	02. mars 1992	aust	0,007	0,006
Aserbajdsjan	02. mars 1992	aust	0,040	0,060
Austerrike	14. desember 1955	weog	0,798	0,720
Australia	01. november 1945	weog	2,074	2,337
Aust-Timor	27. september 2002	as	0,002	0,003
Bahamas	18. september 1973	la	0,017	0,014
Bahrain	21. september 1971	as(ar)	0,039	0,044
Bangladesh	17. september 1974	as	0,010	0,010
Barbados	09. desember 1966	la	0,008	0,007
Belgia	27. desember 1945	weog	0,998	0,885
Belize	21. september 1971	as	0,001	0,001
Benin	20. september 1960	afr	0,003	0,003
Bhutan	21. september 1971	as	0,001	0,001
Bolivia	14. november 1945	la	0,009	0,012
Bosnia-Hercegovina	22. mai 1992	aust	0,017	0,013
Botswana	17. oktober 1966	afr	0,017	0,014
Brasil	24. oktober 1945	la	2,934	3,823

Stat	Opptak	Gruppe	Obligatoriske bidrag i prosent	
			2013–2015	2016
Brunei Darussalam	21. september 1984	as	0,026	0,029
Bulgaria	14. desember 1955	aust	0,047	0,045
Burkina Faso	20. september 1960	afr	0,003	0,004
Burundi	18. september 1962	afr	0,001	0,001
Canada	09. november 1945	weog	2,984	2,921
Chile	24. oktober 1945	la	0,334	0,399
Colombia	05. november 1945	la	0,259	0,322
Costa Rica	02. november 1945	la	0,038	0,047
Cuba	24. oktober 1945	la	0,069	0,065
Danmark	24. oktober 1945	weog	0,675	0,584
Dei samainte arabiske emirata	09. desember 1971	as(ar)	0,595	0,604
Den demokratiske folkerepublikken Korea (Nord-Korea)	17. september 1991	as	0,006	0,005
Den demokratiske republikken Kongo (tidl. Zaire)	20. september 1960	afr	0,003	0,008
Den dominikanske republikken	24. oktober 1945	la	0,045	0,046
Den sentralafrikanske republikken	20. september 1960	afr	0,001	0,001
Den tsjekkiske republikken	19. januar 1993	aust	0,386	0,344
Djibouti	20. september 1977	afr	0,001	0,001
Dominica	18. desember 1978	la	0,001	0,001
Ecuador	21. desember 1945	la	0,044	0,067
Egypt	24. oktober 1945	afr(ar)	0,134	0,152
Ekvatorial-Guinea	12. november 1968	afr	0,010	0,010
Elfenbeinskysten	20. september 1960	afr	0,011	0,009
El Salvador	24. oktober 1945	la	0,016	0,014
Eritrea	28. mai 1993	afr	0,001	0,001
Estland	17. september 1991	aust	0,040	0,038
Etiopia	13. november 1945	afr	0,010	0,010
Fiji	13. oktober 1970	as	0,003	0,003
Filippinane	24. oktober 1945	as	0,154	0,165
Finland	14. desember 1955	weog	0,519	0,456
Frankrike	24. oktober 1945	weog	5,593	4,859
Gabon	20. september 1960	afr	0,020	0,017
Gambia	21. september 1965	afr	0,001	0,001
Georgia	31. juli 1992	aust	0,007	0,008

Stat	Opptak	Gruppe	Obligatoriske bidrag i prosent	
			2013–2015	2016
Ghana	08. mars 1957	afr	0,014	0,016
Grenada	17. september 1974	la	0,001	0,001
Guatemala	21. november 1945	la	0,027	0,028
Guinea	12. desember 1958	afr	0,001	0,002
Guinea-Bissau	17. september 1974	afr	0,001	0,001
Guyana	20. september 1966	la	0,001	0,002
Haiti	24. oktober 1945	la	0,003	0,003
Hellas	25. oktober 1945	weog	0,638	0,471
Honduras	17. desember 1945	la	0,008	0,008
India	30. oktober 1945	as	0,666	0,737
Indonesia	28. september 1950	as	0,346	0,504
Irak	21. desember 1945	as(ar)	0,068	0,129
Iran	24. oktober 1945	as	0,356	0,471
Irland	14. desember 1945	weog	0,418	0,335
Island	19. november 1946	weog	0,027	0,023
Israel	11. mai 1949	weog	0,396	0,430
Italia	14. desember 1955	weog	4,448	3,748
Jamaica	18. september 1962	la	0,011	0,009
Japan	18. desember 1956	as	10,833	9,680
Jemen	20. september 1947	afr(ar)	0,010	0,010
Jordan	14. desember 1955	as(ar)	0,022	0,020
Kambodsja	14. desember 1955	as	0,004	0,004
Kamerun	20. september 1960	afr	0,012	0,010
Kapp Verde	16. september 1975	afr	0,001	0,001
Kasakhstan	02. mars 1992	as	0,121	0,191
Kenya	16. desember 1963	afr	0,013	0,018
Kina	24. oktober 1945	as	5,148	7,921
Kirgisistan	02. mars 1992	as	0,002	0,002
Kiribati	14. september 1999	as	0,001	0,001
Komorane	12. november 1975	afr	0,001	0,001
Kongo, Brazzaville	20. september 1960	afr	0,005	0,006
Kroatia	22. mai 1992	aust	0,126	0,099
Kuwait	14. mai 1963	as(ar)	0,273	0,285
Kviterussland (Belarus)	24. oktober 1945	aust	0,056	0,056
Kypros	20. september 1960	as	0,047	0,043


Stat	Opptak	Gruppe	Obligatoriske bidrag i prosent	
			2013–2015	2016
Laos	14. desember 1955	as	0,002	0,003
Latvia	17. september 1991	aust	0,047	0,050
Lesotho	17. oktober 1966	afr	0,001	0,001
Libanon	24. oktober 1945	as(ar)	0,042	0,046
Liberia	02. november 1945	afr	0,001	0,001
Libya	14. desember 1955	afr(ar)	0,142	0,125
Liechtenstein	18. september 1990	weog	0,009	0,007
Litauen	17. september 1991	aust	0,073	0,072
Luxembourg	24. oktober 1945	weog	0,081	0,064
Madagaskar	20. september 1960	afr	0,003	0,003
Makedonia (FYROM)	08. april 1993	aust	0,008	0,007
Malawi	01. desember 1964	afr	0,002	0,002
Malaysia	17. september 1957	as	0,281	0,322
Maldivane	21. september 1965	as	0,001	0,002
Mali	28. september 1980	afr	0,004	0,003
Malta	01. desember 1964	weog	0,016	0,016
Marokko	12. november 1956	afr(ar)	0,062	0,054
Marshalløyane	17. september 1991	as	0,001	0,001
Mauretania	27. oktober 1961	afr(ar)	0,002	0,002
Mauritius	24. april 1968	afr	0,013	0,012
Mexico	07. november 1945	la	1,842	1,435
Mikronesiaføderasjonen	17. september 1991	as	0,001	0,001
Moldova	02. mars 1992	aust	0,003	0,004
Monaco	28. mai 1993	weog	0,012	0,010
Mongolia	27. oktober 1961	as	0,003	0,005
Montenegro	28. juni 2006	aust	0,005	0,004
Mosambik	16. september 1975	afr	0,003	0,004
Myanmar (Burma)	19. april 1948	as	0,010	0,010
Namibia	23. april 1990	afr	0,010	0,010
Nauru	14. september 1999	as	0,001	0,001
Nederland	10. desember 1945	weog	1,654	1,482
Nepal	14. desember 1955	as	0,006	0,006
Nicaragua	24. oktober 1945	la	0,003	0,004
Niger	20. september 1960	afr	0,002	0,002
Nigeria	07. oktober 1960	afr	0,090	0,209

Stat	Opptak	Gruppe	Obligatoriske bidrag i prosent	
			2013–2015	2016
Noreg	27. november 1945	weog	0,851	0,849
Ny-Zealand	24. oktober 1945	weog	0,253	0,268
Oman	07. oktober 1971	as(ar)	0,102	0,113
Pakistan	30. september 1947	as	0,085	0,093
Palau	15. desember 1944	as	0,001	0,001
Panama	13. november 1945	la	0,026	0,034
Papua Ny-Guinea	10. oktober 1975	as	0,004	0,004
Paraguay	24. oktober 1945	la	0,010	0,014
Peru	31. oktober 1945	la	0,117	0,136
Polen	24. oktober 1945	aust	0,921	0,841
Portugal	14. desember 1945	weog	0,474	0,392
Qatar	21. september 1971	as(ar)	0,209	0,269
Republikken Korea (Sør-Korea)	17. september 1991	as	1,994	2,039
Romania	14. desember 1955	aust	0,226	0,184
Russland	24. oktober 1945	aust	2,438	3,088
Rwanda	18. september 1962	afr	0,002	0,002
Salomonøyane	19. september 1978	as	0,001	0,001
Samoa	15. desember 1976	as	0,001	0,001
San Marino	02. mars 1992	weog	0,003	0,003
São Tomé og Príncipe	02. mars 1992	afr	0,001	0,001
Saudi-Arabia	24. oktober 1945	as(ar)	0,864	1,146
Senegal	28. september 1960	afr	0,006	0,005
Serbia	01. november 2000	0,040	0,032	
Seychellane	21. september 1976	afr	0,001	0,001
Sierra Leone	27. september 1961	afr	0,001	0,001
Singapore	21. september 1965	as	0,384	0,447
Slovakia	19. januar 1993	aust	0,171	0,160
Slovenia	22. mai 1992	aust	0,100	0,084
Somalia	20. september 1960	afr	0,001	0,001
Spania	14. desember 1955	weog	2,973	2,443
Sri Lanka	14. desember 1955	as	0,025	0,031
St. Kitts og Nevis	23. september 1983	la	0,001	0,001
St. Lucia	12. september 1979	la	0,001	0,001
St. Vincent og Grenadinane	16. september 1980	la	0,001	0,001
Storbritannia	24. oktober 1945	weog	5,179	4,462

Stat	Opptak	Gruppe	Obligatoriske bidrag i prosent	
			2013–2015	2016
Sudan	12. november 1956	afr(ar)	0,010	0,010
Surinam	04. desember 1975	la	0,004	0,006
Sveits	10. september 2002	weog	1,047	1,140
Sverige	19. november 1946	weog	0,960	0,956
Swaziland	24. september 1968	afr	0,003	0,002
Syria	24. oktober 1945	as(ar)	0,036	0,024
Sør-Afrika	07. november 1945	afr	0,372	0,364
Sør-Sudan	14. juli 2011	afr	0,004	0,003
Tadsjikistan	02. mars 1992	as	0,003	0,004
Tanzania	14. desember 1961	afr	0,009	0,010
Thailand	16. desember 1946	as	0,239	0,291
Togo	20. september 1960	afr	0,001	0,001
Tonga	14. september 1999	as	0,001	0,001
Trinidad og Tobago	18. september 1962	la	0,044	0,034
Tsjad	20. september 1960	afr	0,002	0,005
Tunisia	12. november 1956	afr(ar)	0,036	0,028
Turkmenistan	02. mars 1992	as	0,019	0,026
Tuvalu	05. september 2000	as	0,001	0,001
Tyrkia	24. oktober 1945	weog	1,328	1,018
Tyskland	18. september 1973	weog	7,141	6,389
Uganda	25. oktober 1962	afr	0,006	0,009
Ukraina	24. oktober 1945	aust	0,099	0,103
Ungarn	14. desember 1955	aust	0,266	0,161
Uruguay	18. desember 1945	la	0,052	0,079
USA	24. oktober 1945	weog	22,000	22,000
Usebekistan	02. mars 1992	as	0,015	0,023
Vanuatu	15. september 1981	as	0,001	0,001
Venezuela	15. november 1945	la	0,627	0,571
Vietnam	20. september 1977	as	0,042	0,058
Zambia	01. desember 1964	afr	0,006	0,007
Zimbabwe	25. august 1980	afr	0,003	0,004

Vedlegg 7

FN-systemet



Figur 7.1

Vedlegg 8**Forkortingar**

ACT	<i>Accountability, Coherence and Transparency Group</i> Gruppa av land som arbeider for å betre arbeidsmetodane til Tryggingrådet	DPA	<i>Department of Political Affairs</i> FN-sekretariatet si avdeling for politiske spørsmål
afr	afrikanske	DPI	<i>Department of Public Information</i> FN-sekretariatet si informasjons-avdeling
AHLC	<i>Ad Hoc Liaison Committee</i> Gjevarlandsgruppa for Palestina	DPKO	<i>Department of Peacekeeping Operations</i> FN-sekretariatet si avdeling for fredstryggjande operasjonar
ar	arabiske	DSS	<i>Department of Safety and Security</i> FN-sekretariatet si avdeling for tryggleik
as	asiatiske	ECA	<i>Economic Commission for Africa</i> FNs økonomiske kommisjon for Afrika
ATT	<i>Arms Trade Treaty</i> Den internasjonale våpenhandels-avtalen	ECE	<i>Economic Commission for Europe</i> FNs økonomiske kommisjon for Europa
ASEAN	<i>Association of South East Asian Nations</i> Samanslutning av søraust-asiatiske statar	ECLAC	<i>Economic Commission for Latin America and the Caribbean</i> FNs økonomiske kommisjon for Latin-Amerika og Karibia
AU	<i>African Union</i> Den afrikanske unionen	ECOSOC	<i>Economic and Social Council</i> FNs økonomiske og sosiale råd
aust	austeuropiske statar	EOSG	<i>Executive Office of the Secretary-General</i> Generalsekretæren sitt kontor
CARICOM	<i>Caribbean Community and Common Market</i> Den karibiske fellesskapen og fellesmarknaden	ESCAP	<i>Economic and Social Commission for Asia and the Pacific</i> FNs økonomiske og sosiale kommisjon for Asia og Stillehavsområdet
CTBTO	<i>(Preparatory Commission for the) Comprehensive Nuclear-Test-Ban Treaty Organization</i> Den førebuande kommisjonen for Organisasjonen for traktaten om totalforbod mot kjernefysiske prøvesprengingar	ESCWA	<i>Economic and Social Commission for Western Asia</i> FNs økonomiske og sosiale kommisjon for Vest-Asia
CERF	<i>Central Emergency Response Fund</i> FNs naudhjelpsfond	EU	Den europeiske unionen
DESA	<i>Department of Economic and Social Affairs</i> FN-sekretariatet si avdeling for økonomiske og sosiale spørsmål	FAO	<i>Food and Agriculture Organization</i> FNs organisasjon for ernæring og landbruk
DFS	<i>Department of Field Support</i> FN-sekretariatet si avdeling for feltstøtte	FN	Dei sameinte nasjonane
DGACM	<i>Department for General Assembly and Conference Management</i> FN-sekretariatet si avdeling for forvaltning av generalforsamling og generalkonferanse	G77	<i>Group of 77</i> Utviklingslanda si samordningsgruppe for handsaming av utviklingsspørsmål under Generalforsamlinga

HFK	Hydrofluorkarbon	INCB	<i>International Narcotics Control Board</i>
HLAG	<i>High-Level Advisory Group</i> Generalsekretæren si rådgjevningsgruppe for <i>Every Woman Every Child</i> -initiativet	INTERPOL	<i>International Police Organization</i> Organisasjonen for internasjonalt kriminalpolitisamarbeid
IAEA	<i>International Atomic Energy Agency</i> Det internasjonale atomenergi-byrået	IOM	<i>International Organization for Migration</i> Den internasjonale organisasjonen for migrasjon
IBRD	<i>International Bank of Reconstruction and Development</i> Den internasjonale banken for gjenreising og utvikling (Verdsbanken)	IPI	<i>International Peace Institute</i>
ICAO	<i>International Civil Aviation Organization</i> Den internasjonale organisasjonen for sivil luftfart	ISA	<i>International Seabed Authority</i> Den internasjonale havbotn-styresmakta
ICC	<i>International Criminal Court</i> Den internasjonale straffedomstolen	ISIL	<i>Islamic State of Iraq and the Levant</i> Den islamske staten av Irak og Levanten
ICJ	<i>International Court of Justice</i> FNs mellomfolkelege domstol	ISSG	<i>International Syria Support Group</i> Den internasjonale støttegruppa for Syria
ICM	<i>Independent Commission on Multilateralism</i> Den uavhengige kommisjonen for multilateralisme	ITC	<i>International Trade Center</i> Det internasjonale handelssenteret
ICTY	<i>International Criminal Tribunal for the former Yugoslavia</i> Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia	ITLOS	<i>International Tribunal for the Law of the Sea</i> Den internasjonale havrettsdomstolen
IDA	<i>International Development Association</i> Det internasjonale utviklingsfondet (under Verdsbanken)	ITU	<i>International Telecommunication Union</i> Den internasjonale teleunionen
IFAD	<i>International Fund for Agricultural Development</i> Det internasjonale fondet for jordbruksutvikling	JIU	<i>Joint Inspection Unit</i> FNs inspektørgruppe
IFC	<i>International Finance Corporation</i> Det internasjonale finansieringsinstituttet	la	latinamerikanske
IKT	<i>Information and Communications Technology</i> Informasjons- og kommunikasjonteknologi	LHBT(I)	<i>lesbian, gay, bisexual, transgender (and intersex)</i> lesbiske, homofile, bifile, transpersonar (og interseksuelle)
ILO	<i>International Labour Organization</i> Den internasjonale arbeidsorganisasjonen	MEF	<i>Major Economies Forum on Energy and Climate</i>
IMF	<i>International Monetary Fund</i> Det internasjonale valutafondet	NAM	<i>Non-Aligned Movement</i> Den alliansefrie rørsle
IMO	<i>International Maritime Organization</i> Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (før 1982: IMCO)	NATO	<i>North Atlantic Treaty Organization</i> Den nordatlantiske traktatorganisasjonen
		NPT	<i>Non-Proliferation Treaty</i> Ikkje-spreiingsavtalen
		OCHA	<i>Office for the Coordination of Humanitarian Affairs</i> Kontoret for samordning av humanitære aktivitetar
		ODA	<i>Office for Disarmament Affairs</i> FNs kontor for nedrusting

OHCHR	<i>Office of the United Nations High Commissioner for Human Rights</i> Kontoret til FNs høgkommissær for menneskerettar	UNDP	<i>United Nations Development Programme</i> FNs utviklingsprogram
OIOS	<i>Office of International Oversight Services</i> FNs kontor for internt tilsyn	UNEP	<i>United Nations Environment Programme</i> FNs miljøvernprogram
OSAA	<i>Office of the Special Adviser on Africa</i> Kontoret til spesialrådgjevaren for Afrika	UNESCO	<i>United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization</i> FNs organisasjon for utdanning, vitskap og kultur
OSSE	<i>Organization for Security and Cooperation in Europe (OSCE)</i> Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa	UNFPA	<i>United Nations Population Fund</i> FNs befolkningsfond
PA	<i>Palestinian Authority</i> Den palestinske sjølvstyresmakta	UNGEGN	<i>United Nations Group of Experts on Geographical Names</i> FNs ekspertgruppe for geografiske namn
PBC	<i>Peace Building Commission</i> FNs fredsbyggingskommisjon	UN-HABITAT	<i>United Nations Human Settlements Programme</i> FNs busetjingsprogram
PBSO	<i>Peacebuilding Support Office</i> Støttekontoret for fredsbygging	UNHCR	<i>United Nations High Commissioner for Refugees</i> FNs høgkommissær for flyktningar
QCPR	<i>Quadrennial Comprehensive Policy Review</i> Rammeresolusjon for utviklingsaktivitetane til FN	UNICEF	<i>United Nations Children's Fund</i> FNs barnefond
R2P	<i>Responsibility to Protect</i> «ansvar for å verne»	UNICRI	<i>United Nations Interregional Crime and Justice Research Institute</i> FNs interregionale forskingsinstitutt for kriminalitets- og justissaker
SEA	<i>Sexual Exploitation and Abuse</i> Seksuell utnytting og overgrep	UNIDIR	<i>United Nations Institute for Disarmament Research</i> FNs institutt for nedrustingsforskning
SIDS	<i>Small Island Developing States</i> Små utviklingsøystatar	UNIDO	<i>United Nations Industrial Development Organization</i> FNs organisasjon for industriell utvikling
SRSG/SVC	<i>Office of the Special Representative of the Secretary-General on Sexual Violence in Conflict</i> Kontoret til FNs generalsekretær sin spesialrepresentant for seksualisert vald i konflikt	UNISDR	<i>United Nations Office for Disaster Risk Reduction</i> FNs kontor for katastrofeførebygging
SRSG/VAC	<i>Office of the Special Representative of the Secretary-General on Violence Against Children</i> Kontoret til FNs generalsekretær sin spesialrepresentant for vald mot barn	UNITAR	<i>United Nations Institute for Training and Research</i> FNs institutt for opplæring og forskning
UN	<i>United Nations</i> Dei sameinte nasjonane (FN)	UNODC	<i>United Nations Office on Drugs and Crime</i> FNs kontor for narkotika og kriminalitet
UNAIDS	<i>Joint United Nations Programme on HIV/AIDS</i> FNs felles hiv-/aidsprogram	UNOG	<i>United Nations Office at Geneva</i> FNs kontor i Genève
UNCDF	<i>United Nations Capital Development Fund</i> FNs kapitalutviklingsfond		
UNCTAD	<i>United Nations Conference on Trade and Development</i> FNs konferanse for handel og utvikling		

UN-OHRLLS	<i>Office of the High Representative for the Least Developed Countries, Landlocked Developing Countries and Small Island Developing States</i>	UNV	<i>United Nations Volunteers</i>
	Kontoret til høgrepresentanten for dei minst utvikla landa, kystlause utviklingsland og små utviklingsøystatar	UPU	<i>FNs fredskorps</i>
UNOP	<i>United Nations Office for Partnerships</i>	USA	<i>Universal Postal Union</i>
UNOPS	<i>United Nations Office for Project Services</i>	weog	<i>Verdspostunionen</i>
UNRISD	<i>United Nations Research Institute for Social Development</i>		<i>United States of America</i>
	FNs forskingsinstitutt for sosial utvikling		<i>Dei amerikanske Sambandsstatane</i>
UNRWA	<i>United Nations Relief and Works Agency for Palestine Refugees in the Near East</i>		<i>West European and Other States Group</i>
	FNs hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar i Midtausten	WFP	<i>Gruppa av vesteuropeiske og andre statar</i>
UNSSC	<i>United Nations System Staff College</i>	WGA	<i>World Food Programme</i>
UNU	<i>United Nations University</i>	WHO	<i>Verdsmatvareprogrammet</i>
	FN-universitetet	WIPO	<i>Working Group on Amendments</i>
		WMO	<i>Arbeidsgruppa for regelendringar i ICC</i>
		WTO	<i>World Health Organization</i>
			<i>Verdshelseorganisasjonen</i>
			<i>World Intellectual Property Organization</i>
			<i>Verdsorganisasjonen for åndsverkrett</i>
			<i>World Meteorological Organization</i>
			<i>Den meteorologiske verdsorganisasjonen</i>
			<i>World Trade Organization</i>
			<i>Verdshandelsorganisasjonen</i>

Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Omslagsbilde: The Peace Clock (2016)

av Lina Viste Grønlie på Trygve Lie Plaza, New York.

Foto: Ida Helene Andersen, FN-delegasjonen i New York

Trykk: 07 Xpress AS – 06/2017

